



DET KONGELIGE
FINANSDEPARTEMENT

St.meld. nr. 3

(1999-2000)

Statsrekneskapen medrekna folketrygda for 1999

*Tilråding frå Finansdepartementet av 28. april 2000, godkjend
i statsråd same dagen.*

1 Hovudtrekk i finanspolitikken

1.1 Innleiing

Finansdepartementet legg med dette fram meldinga om statsrekneskapen medrekna folketrygda for 1999.

Dei samla inntektene i statsrekneskapen for 1999 var 499,6 mrd. kroner medan utgiftene var på 467,0 mrd. kroner. Inntektene frå petroleumsverksmda var på 44,6 mrd. kroner. Statsrekneskapen viser dermed eit oljekorrigert underskot på 12,1 mrd. kroner. Det vart i samband med nysalderinga av 1999 budsjettet vedteke at 18,5 mrd. kroner av petroleumsinntektene skulle inntektsførast på statsbudsjettet. Statsrekneskapen vart dermed gjort opp med eit overskot på 6,4 mrd. kroner. Den attverande delen av petroleumsinntektene på 26,1 mrd. kroner vert avsett i Statens petroleumsfond.

I denne meldinga vert det òg gjort greie for inntektene og utgiftene til Statens petroleumsfond. Forutan overføringa frå statsrekneskapen viser rekneskapen for fondet 7,3 mrd. kroner i renteinntekter og utbytte. Statens petroleumsfond viser dermed eit samla overskot på 33,4 mrd. kroner for 1999. Ved utgangen av 1999 var kapitalen i fondet 220,9 mrd. kroner.

Samla sett vert statsrekneskapen og Statens petroleumsfond gjort opp med eit overskot på 39,9 mrd. kroner.

Denne meldinga omfattar statsrekneskapen medrekna folketrygda, rekneskapen for Svalbard, statsgarantiar, tilsegns- og tingingsfullmakter, oppgåve over aksjar og informasjon om rekneskapa for dei offentlege fonda.

I meldinga vert det gjort greie for løyvingane på statsbudsjettet og rekneskapsførde tal. Det vert òg lagt vekt på å forklare avvik mellom budsjett og rekneskap, jf. avsnitt 1.4. I kapittel 2 er det gitt ei oversikt over inntektene og utgiftene. I kapittel 3 er det gitt nærare omtale av ein del utvalde område i 1999-budsjettet. I kapittel 4 er det gjort greie for utgiftene under folketrygda, medan finanspostar og kapitalrekneskapen er tema for kapittel 5. I kapittel 6 er det gjort greie for rekneskapen til Statens petroleumsfond.

1.2 Budsjettpolitikken

Budsjettpolitikken vert brukt aktivt for å jamne ut svingingane i økonomien og til å styrkje sysselsettinga på lengre sikt. Budsjettutviklinga må samstundes vere forsvarleg i eit fleirårleg perspektiv.

Ein viser elles til at budsjettutviklinga gjennom 1999 er omtalt i St.prp. nr. 67 (1998-99) Omprioriteringer og tilleggsbevilgninger på statsbudsjettet medregnet folketrygden 1999, Revidert nasjonalbudsjett 1999, Gul bok 2000, Nasjonalbudsjettet 2000 og St.prp. nr. 30 (1999-2000) Ny saldering av statsbudsjettet medregnet folketrygden 1999.

Tabell 1.1: Inntekter og utgifter utanom lånetransaksjonar på statsbudsjettet og Statens petroleumsfond (Tal i mill. kroner)

	1998	1999	Pst. Vekst
1. Statsbudsjettet			
A Inntekter i alt	471 328	499 570	6,0
A.1 Inntekter frå petroleumsverksemd	72 649	75 589	4,0
A.2 Inntekter utan petroleumsinntekter	398 678	423 981	6,3
B Utgifter i alt	443 741	467 009	5,2
B.1 Utgifter til petroleumsverksemd	27 608	30 962	12,1
B.2 Utgifter utan petroleumsverksemd	416 132	436 047	4,8
<i>Statsbudsjettets oljekorrigerte overskot (A.2-B.2)</i>	<i>-17 454</i>	<i>-12 066</i>	<i>-30,9</i>
+ Overført frå Statens petroleumsfond	17 059	18 494	8,4
= <i>Statsbudsjettets overskot før lånetransaksjonar</i>	<i>-395</i>	<i>6 428</i>	<i>-</i>
2. Statens petroleumsfond			
Statsbudsjettets netto kontantstraum frå petroleumsverksemda (A.1-B.1 vert overført til Statens petroleumsfond)	45 041	44 627	-0,9
- Overført til statsbudsjettet	17 059	18 494	8,4
+ Renteinntekter og utbyte i fondet	6 183	7 296	18,0
= <i>Overskot i Statens petroleumsfond</i>	<i>34 164</i>	<i>33 429</i>	<i>-2,2</i>
3. Statsbudsjettet og Statens petroleumsfond samla			
<i>Overskot</i>	<i>33 769</i>	<i>39 857</i>	<i>18,0</i>

Tabell 1.2: Lånetransaksjonar og finansieringsbehov (Tal i mill. kroner)

	1998	1999	Pst. Vekst
Utlån, aksjeteikning m.v.	52 022	67 162	29,1
- Tilbakebetalingar	43 119	54 848	27,2
- Statsbudsjettets overskot	-395	6 428	-
= <i>Netto finansieringsbehov</i>	<i>9 298</i>	<i>5 886</i>	<i>-36,7</i>
+ Gjeldsavdrag	46 013	23 821	-48,2
= <i>Statsbudsjettets brutto finansieringsbehov</i>	<i>55 311</i>	<i>29 707</i>	<i>-46,3</i>

Samanlikna med 1998 har inntekter utanom lånetransaksjonar og inntekter frå petroleumsverksemda gått opp med 6,3 pst. Utgifter utanom lån og petroleumsverksemda har auka med 4,8 pst. Det oljekorrigerte underskotet er redusert med 5,4 mrd. kroner frå 1998 til 1999. Samstundes har netto oljeinntekter gått ned med 0,4 mrd. kroner. Statens petroleumsfond sine renteinntekter og utbyte auka med 1,1 mrd. kroner. Statens petroleumsfond sitt overskot

er dermed redusert med 0,7 mrd. kroner og samla overskot i statsbudsjettet og Statens petroleumsfond er auka med 6,1 mrd. kroner.

1.3 Nærare om utviklinga av budsjettet for 1999 gjennom budsjettåret

Tabell 1.3 gjev eit samla oversyn over inntektene, utgiftene, overskotet på statsbudsjettet og statsrekneskapen og Statens petroleumsfond for 1999, medan tabell 1.4 viser utviklinga i statskassa sitt finansieringsbehov.

Tabell 1.3: Inntekter og utgifter utanom lånetransaksjonar på statsbudsjettet og Statens petroleumsfond 1999 (Tal i mill. kroner)

	Saldert budsjett (Blå bok)	Nysaldert budsjett	Anslag på rekneskap etter nysaldering	Rekneskap 1999
1. Statsbudsjettet				
A Inntekter i alt	506 164	491 413	491 413	499 570
A.1 Inntekter frå petroleumsverksemd	81 659	74 680	74 680	75 589
A.2 Inntekter utan petroleumsinntekter	424 505	416 733	416 733	423 981
B Utgifter i alt	455 506	464 047	465 347	467 009
B.1 Utgifter til petroleumsverksemd	25 517	30 120	30 120	30 962
B.2 Utgifter utan petroleumsverksemd	429 989	433 927	435 227	436 047
<i>Statsbudsjettets oljekorrigerte overskot (A.2-B.2)</i>	-5 483	-17 194	-18 494	-12 066
+ Overført frå Statens petroleumsfond	5 483	18 494	18 494	18 494
= <i>Statsbudsjettets overskot før lånetransaksjonar</i>	0	1 300	0	6 428
2. Statens petroleumsfond				
Statsbudsjettets netto kontantstraum frå petroleumsverksemd	56 142	44 560	44 560	44 627
(A.1-B.1) vert overført til Statenspetroleumsfond - Overført til statsbudsjettet	5 483	18 494	18 494	18 494
+ Renteinntekter og utbytte i fondet	6 076	6 800	6 800	7 296
= <i>Overskot i Statens petroleumsfond</i>	56 735	32 866	32 866	33 429
3. Statsbudsjettet og Statens petroleumsfond samla				
<i>Overskot</i>	56 735	34 166	32 866	39 857

Tabell 1.4: Lånetransaksjonar og finansieringbehov 1999 (Tal i mill. kroner)

	Saldert budsjett (Blå bok)	Nysal- dert bud- sjett	Anslag på rekneskap etter nysal- dering	Rekne- skap 1999
Utlån, aksjeteikning m.v.	56 755	65 660	65 660	67 162
- Tilbakebetalingar	49 770	53 675	53 675	54 848
- Statsbudsjettets overskot	0	1 300	0	6 428
= <i>Netto finansieringsbehov</i>	7 005	10 685	11 985	5 886
+ Gjeldsavdrag	41 510	22 938	22 938	23 821
= <i>Statsbudsjettets brutto finansieringsbehov</i>	48 515	33 623	34 923	29 707

I 1999 har inntektsløyvingane utanom lånetransaksjonar vorte redusert med 14,8 mrd. kroner frå 506,2 mrd. kroner i saldert budsjett (Blå bok) til 491,4 mrd. kroner i nysaldert budsjett. Utgiftsløyvingane utan lånetransaksjonar vart auka med 8,5 mrd. kroner frå 455,5 mrd. i saldert budsjett til 464,0 mrd. kroner ved nysaldering av budsjettet. Utgifter til petroleumsverksemda auka med 4,6 mrd. kroner. Når ein held lånetransaksjonar og petroleumsverksemda utanom, auka utgiftene med 3,9 mrd. kroner.

Auken i løyvingane utanom inntektsoppgjera vart på 8,3 mrd. kroner når ein held anslag på renter og dagpengar utanom. Auken i løyvingane gjeld meirutgifter i samband med forsvaret sine internasjonale operasjonar på 1,7 mrd. kroner, medan løyvingane til busetting av flyktningar, drift av statlege mottak o.a. auka med 1,2 mrd. kroner. Under kap.195 Fred, forsoning og demokrati auka løyvingane med 0,8 mrd. kroner. Det at flyttinga til nytt Rikshospital vart utsatt, har medført auka løyvingar på om lag 1,0 mrd. kroner, medan auka aktivitet ved sjukehusa har medført auka løyvingar på 0,9 mrd. kroner. Ein del av auken i utgiftene må sjåast i samband med tilsvarande auka inntekter.

Det vart ved salderinga av budsjettet avsett 5,3 mrd. kroner under kap. 2309 Tilfeldige utgifter (Ymse posten). Av dette vart 3,3 mrd. kroner nytta til lønnsoppgjera. Dei resterande 2,0 mrd. kronene dekkjer bare delar av auken i løyvingane på 8,3 mrd. kroner.

Reduserte anslag på renteutgifter på om lag 2,5 mrd. kroner har isolert sett medført lågare løyvingar. Anslaget på utgiftene til dagpengar medførte auka løyvingar på 0,1 mrd. kroner.

Nysaldert budsjett viste eit oljekorrigert underskot som er 11,7 mrd. kroner høgare enn i det opprinnelege salderte budsjettet. Oljeinntektene gjekk ned med 7,0 mrd. kroner og oljeutgiftene auka med 4,6 mrd. kroner, slik at netto inntekter frå oljeverksemda vart 11,6 mrd. kroner lågare enn i saldert budsjett. Anslaget for renteinntekter og utbyte i Statens petroleumsfond vart auka med 0,7 mrd. kroner. Samla sett innebar dette ei forverring i budsjettbalansen på 22,6 mrd. kroner.

I saldert budsjett for 1999 vart løyvingane til arbeidsmarknadstiltak og butiltak redusert grunna høge overførte løyvingar frå 1998 til 1999 under

desse utgiftskapitla. Dei reduserte løyvingane gav ikkje lågare utgifter i statsrekneskapen for 1999, men reduserte overførte løyvingar frå 1999 til 2000. Dette vert det teke omsyn til i anslag på rekneskap ved framlegget av budsjettet. Både anslag på rekneskap ut frå saldert budsjett (Blå bok) og ut frå nysaldert budsjett viste difor 1,3 mrd. kroner høgare oljekorrigert underskot enn saldert og nysaldert budsjett. I løyvinga for overføring frå Statens petroleumsfond til statsbudsjettet ved nysalderinga av statsbudsjettet vart det teke omsyn til denne meirutgifta ved at overføringa frå fondet til statsbudsjettet vart auka med 1,3 mrd. kroner utover det som var naudsynt for å dekkje det budsjetterte oljekorrigerte underskotet.

Ei samla oversikt over løyvingsendringane gjennom 1999 er gjeve i St.prp. nr. 30 (1999-2000) Ny saldering av statsbudsjettet medregnet folketrygden 1999.

1.4 Hovudtala i statsrekneskapen for 1999 samanlikna med anslag på rekneskap ved nysalderinga av budsjettet

I statsrekneskapen for 1999 er oljekorrigert underskot 6,4 mrd. kroner lågare enn lagt til grunn ved nysalderinga. Tilbakeføringa frå Statens petroleumsfond til statskassa vart endeleg fastlagt i nysaldert budsjett for å dekkje det oljekorrigerte underskotet som då vart forutsett. På denne bakgrunnen vert statsrekneskapen for 1999 gjort opp med eit overskot på 6,4 mrd. kroner som utgjer avviket i det oljekorrigerte underskotet mellom anslag på rekneskap i nysalderinga og rekneskapen.

På inntektssida er skatte- og avgiftsinntektene auka med 3,7 mrd. kroner. Netto renter og aksjeutbyte er auka med 0,7 mrd. kroner. I tillegg viser rekneskapen meirinntekter på 1,6 mrd. kroner utanom petroleumsinntekter, skattar, renter og aksjeutbyte. Ein har då tatt omsyn til at føringstekniske forhold i rekneskapen gjev meirinntekter på 1,3 mrd. kroner samanlikna med budsjettet. Desse meirinntektene tilsvarar auka utgifter.

Utgiftene utanom petroleumsutgifter og renteutgifter vert redusera med 0,4 mrd. kroner. Dei auka utgiftene må sjåast på bakgrunn av 1,0 mrd. kroner høgare overførte løyvingar til 2000 i høve til overførte løyvingar frå 1998.

Rekneskapen for 1999 viser eit lånebehov på 29,7 mrd. kroner som er 5,2 mrd. kroner lågare enn lagt til grunn ved nysaldering av 1999-budsjettet.

1.4.1 Auka inntekter

Inntektene utanom lånetransaksjonar og petroleumsinntekter viser samla meirinntekter på 7 248 mill. kroner i høve til nysaldert budsjett.

Tabell 1.5: Samla meirinntekter (Tal i mill. kroner)

Skattar og avgifter frå Fastlands-Noreg	3 695
Renter og aksjeutbyte	656
Avskrivningar og andre inntekter frå forretningsdrifta	298
Departementa sine inntekter	2 600
<i>Samla meirinntekt</i>	<i>7 248</i>

Inntektene under departementa vart 2 600 mill. kroner høgare enn budsjettet i nysaldert budsjett. Rekneskapen vil normalt gje ei meirinntekt for departementa. Mellom anna gjeld dette refusjonar av utgifter til arbeidsmarknadstiltak, fødselspengar og lærlingar som ikkje er inkluderte i løyvingane i budsjettet. I tillegg vert det overført midlar frå dei enkelte fagdepartementa til fylkesmannsembeta. Nokre departement har også høve til å utføre oppdragsverksemd mot refusjon av utgiftene. Slike meirinntekter utgjer samla om lag 1,3 mrd. kroner for 1999. Dei samla meirinntektene på 1,3 mrd. kroner svarar til tilsvarande meirutgifter og inneber dermed ikkje ei styrking av budsjettbalansen.

Den resterande auken i inntekter er på 6,0 mrd. kroner, inkl. 3,7 mrd. i auka skatte- og avgiftsinntekter. Mellom anna vart inntektene under Jernbaneverket, SND og politi- og lennsmannsetaten høgare enn budsjettet. Elles omfattar meirinntektene under departementa ei rekkje gebyr, refusjonar, sals- og leigeinntekter, oppdragsinntekter m.m.

1.4.2 Auka utgifter

Meirutgiftene i rekneskapen i høve til nysaldert budsjett for 1999 er netto på 820 mill. kroner når ein held lånetransaksjonar og statleg petroleumsverksemd utanom. Fleire omsyn bidreg imidlertid til høgare utgifter enn budsjettet. Departementa har ein auke i oppdragsinntekter som gjev tilsvarande meirforbruk under driftsutgiftene (jf. pkt. 1.4.1 ovanfor). Føring av refusjonar for utgifter til arbeidsmarknadstiltak og fødselspengar i statleg verksemd gjev både høgare inntekter og utgifter i rekneskapen enn i budsjettet. Ikkje-budsjetterte overføringar frå departementa til fylkesmannsembeta bidreg også til ein auke av både inntekter og utgifter i statsbudsjettet.

Når ein ser bort frå slike rekneskapstekniske forhold, viser rekneskapen 0,4 mrd. kroner lågare utgifter enn lagt til grunn ved nysaldert budsjett.

Dei lågare utgiftene kan tilskrivast høgare overførte løyvingar til 2000. På grunn av endra budsjettering av butiltak og arbeidsmarknadstiltak var det forventat at overførte løyvingar til 2000 skulle verte redusert med 1,3 mrd. kroner til 6,0 mrd. kroner. Rekneskapen viser imidlertid auka overførte løyvingar på andre område. Nedgangen i overført beløp når ein held lånetransaksjonar og statleg petroleumsverksemd utanom, var samla sett på berre 282 mill. kroner.

Dei siste fem åra har overføring av unytta løyvingar (inkl. lånetransaksjonar) vore slik (mill. kroner):

Tabell 1.6:

	Overført løyving	Auke/Nedgang (-)
1995-1996	11 760	2 671
1996-1997	11 454	-306
1997-1998	9 810	-1 643
1998-1999	7 334	-2 477
1999-2000	7 050	-284

Rekneskapen viser ei reell meirutgift på 0,6 mrd. kroner når ein tek omsyn til høgare overførte løyvingar frå 1999 til 2000. Driftsutgiftene under politi- og lennsmannsetaten, utgiftene til kontantstøtte og utgiftene til drift og vedlikehald under Jernbaneverket vart 173,8 mill. kroner, 169,5 mill. kroner og 404,0 mill. kroner høgare enn i nysaldert budsjett.

Eit reelt mindreforbruk under enkelte kapittel bidreg isolert sett til lågare utgiftsnivå i 1999. Det gjeld mellom anna utgiftene til drifttilskot til barnehagar som vart 253,9 mill. kroner lågare enn budsjettert og lågare utgifter på 262,5 mill. kroner til tilskot til Statens Pensjonskasse.

1.4.3 Redusert finansieringsbehov

Rekneskapen for 1999 viser at utgiftene til utlån vart 1 502 mill. kroner meir enn rekna med ved nysalderinga. Meirutgiftene til lånetransaksjonar er samansett slik (mill. kroner):

Tabell 1.7:

Bustadlån til statstilsette	554,5
Statens lånekasse for utdanning	394,3
Den norske stats husbank	676,8
Statens nærings- og distriktsutviklingsfond, SND	-30,1
Statens miljøfond	-195,9
Garantiinstituttet for eksportkreditt	223,9
Andre utlån	-120,9
<i>Samla auke i utlåna</i>	<i>1 502,5</i>

I 1999 vart inntektene frå tilbakebetalingar 1 173 mill. kroner høgare enn budsjettert. Dette kjem av endra tilbakebetalingar frå (mill. kroner):

Tabell 1.8:

Statens Landbruksbank	37,3
Den norske stats husbank	821,0
Statens nærings- og distriktsutviklingsfond, SND	149,5
Andre låntakarar	165,2
<i>Samla reduksjon i tilbakebetalingane</i>	<i>1 173,0</i>

Ved at netto utlån vart 329 mill. kroner høgare enn budsjettert og at statsbudsjettet viste eit overskot på 6 428 mill. kroner, vart statsbudsjettet sitt netto finansieringsbehov 6 099 mill. kroner mindre enn vurdert til ved nysalderinga av budsjettet.

Auka innbetaling av avdrag på statsgjeld med 883 mill. kroner gjorde at brutto finansieringsbehov vart redusert med til saman 5 216 mill. kroner i høve til anslag på rekneskapen i det nysalderte budsjettet.

1.5 Statens petroleumsfond

Oljeskattar og utgifter og inntekter av statleg petroleumsverksemd avvik slik frå nysaldert budsjett (mill. kroner):

Tabell 1.9:

Oljeskattar og CO2-avgift	-374
+ Inntekter frå statleg petroleumsverksemd	1 283
- Utgifter til statleg petroleumsverksemd	842
=Netto oljeinntekter i alt	67

Netto driftsinntekter frå statleg petroleumsverksemd vart 1,3 mrd. kroner høgare enn i nysaldert budsjett ved at driftsinntektene i statleg petroleumsverksemd vart 1,8 mrd. kroner høgare medan driftsutgiftene samt leite- og feltutviklingsutgifter vart 0,5 mrd. kroner høgare. Meirutgiftene under statleg petroleumsverksemd kjem i hovudsak av at investeringane vart høgare enn rekna med i budsjettet.

Netto oljeinntekter er rekneskapsført med 67 mill. kroner meir enn rekna med i nysaldert budsjett. Ved at netto kontantstraum vart overført til Statens petroleumsfond er brutto overføring til fondet auka med same beløp, til 44 627 mill. kroner. Overføringa frå fondet til statskassa er slik det var budsjettet, noko som inneber at netto overføring til Statens petroleumsfond er 67 mill. kroner høgare i rekneskapen enn i det nysalderte budsjettet.

2 Utval av inntekter og utgifter

2.1 Skattar og avgifter frå Fastlands-Noreg

Statsrekneskapen for 1999 viser at samla skattar og avgifter frå Fastlands-Noreg utgjorde 379,7 mrd. kroner, som er om lag 2,1 mrd. kroner høgare enn i vedteke budsjett for 1999, og om lag 3,7 mrd. kroner høgare enn lagt til grunn i nysaldert budsjett for 1999.

Tabell 2.1 viser at dei samla skatte- og avgiftsinntektene i statsrekneskapen har auka frå 357,4 mrd. kroner i 1998 til 379,7 mrd. kroner i 1999, ein auke på 22,3 mrd. kroner eller 6,2 pst. På grunn av mindre auke i den økonomiske aktiviteten og i sysselsettinga, har auken i skatte- og avgiftsinntektene vorte avdempa i høve til åra før. I perioden 1996-1998 steig dei samla skatte- og avgiftsinntektene med vel 9 pst. i årleg gjennomsnitt.

Skattar på formue og inntekt utgjorde 88,7 mrd. kroner i 1999, ein auke på 9,3 pst. eller 7,5 mrd. kroner frå året før. Skattar og avgifter til folketrygda, trygdeavgift og arbeidsgjevaravgift, utgjorde 115,6 mrd. kroner i 1999, og svarar til ein auke på 7,7 pst. frå året før.

Inntektene frå meirverdi- og investeringsavgifta utgjør ei av dei viktigaste inntektskjeldene til staten og steig med 3,1 pst. til 114,1 mrd. kroner i 1999. Andre særavgifter og tollinntekter utgjorde til saman 61,4 mrd. kroner i 1999, som svarar til ein auke på 5,2 pst. frå 1998.

Tabell 2.1: Statens inntekter 1995 – 1999 (Tal i mill. kroner)

	Rekneskap					Nysaldert budsjett (Blå bok)	Rekneskap
	1995	1996	1997	1998	1999		
Skattar på formue og inntekt	41 256	48 741	66 777	81 158	87 073	88 220	88 667
Arbeidsgjevaravgift og trygdeavgift	85 468	91 531	98 192	107 297	112 530	114 200	115 603
Tollinntekter	2 647	2 455	2 437	2 589	2 206	2 316	2 409
Meirverdiavgift og avgift på investeringar	87 592	94 691	102 902	110 615	115 200	113 400	114 076
Avgifter på alkohol	6 519	6 888	7 405	7 687	8 764	8 697	8 635
Avgifter på tobakk	5 316	5 430	5 988	6 558	7 285	6 700	6 644
Avgifter på motorvogner	24 841	26 972	29 350	30 963	29 375	27 930	28 914
Andre avgifter	10 102	11 109	11 934	10 538	15 216	14 552	14 760
Sum skattar og avgifter	263 741	287 817	324 985	357 405	377 649	376 015	379 709

Tabell 2.1: Statens inntekter 1995 – 1999 (Tal i mill. kroner)

	Rekneskap					Nysal d. bud- sjett (Blå bok)	Rekne- skap
	1995	1996	1997	1998	1999		
Renter av statens forretningsdrift	484	520	170	171	164	164	203
Avskrivningar, avsetninger til investeringsformål og inntekter av statens forretningsdrift	3 113	3 349	2 689	3 337	4 625	4 868	5 166
Sum inntekter av statens forretningsdrift	3 597	3 869	2 859	3 508	4 789	5 032	5 370
Renter frå statsbankane	14 851	13 164	9 419	7 946	10 981	10 839	10 771
Renter av statskassa sin kontantbeholdning og andre krav	7 164	6 978	5 683	4 118	6 772	2 571	3 176
Utbyte ekskl. Statoil	1 480	2 924	4 197	3 303	3 641	3 801	3 986
Renteinntekter og utbyte ekskl. statens forretningsdrift og Statoil	23 495	23 066	19 299	15 367	21 394	17 212	17 933
Inntekter under departementa	10 032	18 830	18 011	18 205	14 103	14 933	17 567
Overføring frå Noregs Bank	14 340	7 239	4 236	3 811	3 401	3 401	3 401
Tilbakeføring av midlar frå Statens banksikringsfond	6 969	4 216	975	382	3 120	140	140
Sum andre inntekter	31 341	30 285	23 222	22 398	20 624	18 474	21 108
Sum inntekter ekskl. oljeskattar, petroleumsverksemd og tilbakebetalingar	322 174	345 037	370 365	398 678	424 456	416 733	424 120
Inntekter frå statleg petroleumsverksemd	20 933	26 182	23 326	42 109	56 289	55 435	56 718
Skatt og avgift på utvinning av petroleum	27 637	33 078	44 898	27 600	24 370	19 110	18 736
Aksjeutbyte frå Statoil	1 614	1 850	1 600	2 940	1 000	135	135
Sum petroleumsinntekter	50 184	61 110	69 824	72 649	81 659	74 680	75 589
Tilbakebetalingar	42 119	54 789	46 131	43 119	49 770	53 674	54 709
Overføring frå Statens petroleumsfond	36 529	25 673	22 789	17 059	5 483	18 494	18 494
Sum inntekter	451 006	486 609	509 109	531 505	561 367	563 582	572 911

Overføring frå Skattefordelingsfondet til statsbudsjettet er inkludert i tala fram til 1996. Frå 1997 er fellesskatt inkludert.

2.2 Skattar og avgifter frå petroleumsverksemda

Dei samla innbetalte skattane og avgiftene frå petroleumsverksemda i 1999, utanom CO₂ avgifta, vart i nysalderingsproposisjonen rekna til 15 850 mill. kroner. Det tilsvarande rekneskapstalet for 1999 er 15 475 mill. kroner. Rekneskapstala for betalte direkte skattar vart 309 mill. kroner lågare enn forventa i nysalderingsproposisjonen, medan betalt produksjonsavgift vart 22 mill. kroner høgare enn forventa. Betalt arealavgift vart 89 mill. kroner lågare enn forventa. Avviket skuldast mellom anna fråfall og tilbakelevering av areal, og for sein innbetaling av avgift. Tala i nysalderingsproposisjonen var utarbeidd på grunnlag av innbetalingane dei ni fyrste månadene av 1999 og forventa innbetalingar dei tre siste månadene.

Inntektene frå avgift på utslepp av CO₂ i petroleumsverksemda var i nysalderingsproposisjonen rekna til 3 260 mill. kroner. Rekneskapstalet for 1999 er 3 261 mill. kroner.

2.3 Inntekter frå Statens direkte deltaking i petroleumsverksemda

Inntektene frå Statens direkte deltaking i petroleumsverksemda er i det alt vesentlege driftsinntekter med frådrag for driftsutgifter, og vart i nysalderingsproposisjonen rekna til 55 435 mill. kroner. Det tilsvarande rekneskapstalet for 1999 er 56 718 mill. kroner.

2.4 Totaloversikt over utgiftene

Tabell 2.2 gjev eit oversyn over utviklinga av dei samla utgiftene under dei enkelte departementa for åra 1995 – 1999. Det har vore endring i strukturen på departementa i perioden, slik at tala ikkje kan samanliknast direkte.

Tabell 2.2: Samla utgifter etter departement 1995 – 1999 (Tal i mill. kroner)

Departement	Rekneskap					Nysald. budsjett	Rekneskap
	1995	1996	1997	1998	1999		
Det kongelege hus og Slottsforvaltninga	54	58	60	79	71	73	80
Regjering m.m.	101	88	108	109	106	111	118
Stortinget og underliggjande institusjonar	626	595	670	701	734	797	806
Høgsterett	34	48	42	44	43	44	45
Utanriksdepartementet	10 973	11 404	11 545	12 778	11 938	12 654	12 723
Kyrkje-, utdannings- og forskningsdepartementet	18 607	19 934	22 366	22 753	23 285	26 796	27 455
Kulturdepartementet	2 825	3 984	3 027	3 248	3 423	3 440	3 518
Justis- og politidepartementet	8 170	8 956	9 310	9 793	9 970	10 527	10 724
Kommunal- og regionaldep.	46 674	44 684	58 551	53 543	56 168	57 442	57 110

Tabell 2.2: Samla utgifter etter departement 1995 – 1999 (Tal i mill. kroner)

Departement	Rekneskap					Nysald. budsjett	Rekneskap
	1995	1996	1997	1998	1999		
					Salderert budsjett (Blå bok)	1999	1999
Sosial- og helsedepartementet	14 744	16 826	19 229	24 651	26 346	27 835	27 941
Barne- og familiedepartementet	16 304	17 365	17 825	18 714	20 322	20 354	20 288
Nærings- og handelsdepartementet	4 720	8 095	5 010	5 468	3 374	3 858	3 963
Fiskeridepartementet	1 735	1 745	1 871	1 948	1 942	2 015	2 031
Landbruksdepartementet	16 016	16 623	13 781	14 217	14 221	14 562	14 419
Samferdsledepartementet	17 772	32 996	21 919	24 341	17 216	17 831	17 951
Miljøverndepartementet	2 713	3 449	2 817	2 511	2 472	2 604	2 657
Arbeids- og administrasjondep.	7 608	7 469	7 199	16 114	15 614	19 031	20 503
Finans- og tolldepartementet	37 123	70 393	49 304	69 116	65 002	43 999	44 955
Forsvarsdepartementet	22 963	24 094	25 443	25 536	24 439	26 302	26 138
Olje- og energidepartementet			1 584	1 200	1 113	5 442	5 616
Ymse utgifter	84	62	29	20	5 271	50	24
Statsbankane	36 999	43 350	52 457	53 796	61 920	61 011	61 632
Statleg petroleumsvirksemd	11 674	- 8 776	-16 983	27 609	25 517	30 220	31 062
Statens forretningsdrift	3 461	4 014	2 754	2 638	4 047	3 712	3 944
Statens petroleumsfond	38 510	69 886	86 808	45 041	56 142	44 560	44 627
Sum statsbudsjettet	320 490	395 342	396 726	435 968	450 697	435 268	440 330
Folketrygda	126 199	132 535	139 359	150 848	159 235	161 937	162 289
Utgifter i alt	446 689	527 877	536 085	586 816	609 932	597 205	602 619

Løyvingsrekneskapen for 1999 viser at dei totale utgiftene har vore 602,6 mrd. kroner mot 597,2 mrd. løyvd i nysaldert budsjett. Dette gjev ei meirutgift på 5,4 mrd. kroner.

3 Omtale av nokre område

3.1 Helse- og omsorgssektoren

Handlingsplan for funksjonshemma

Stortinget handsama i februar 1999 St.meld. nr. 8 (1998-99) Om handlingsplan for funksjonshemma 1998 – 2001. Handlingsplanen omtalar mål, strategiar og tiltak for å betre tilhøva for menneske med funksjonshemming. Stortingsmeldinga er ein del av Noreg sitt arbeid for å følgje opp FN sine standardreglar for like vilkår for funksjonshemma. Handlingsplanen har omtale av 161 tiltak som gjeld områda til ti departement. Viktige satsingsområde er tilgjenge, planlegging og brukarmedverknad, rettane til funksjonshemma og ein særskilt plan for tiltak for auka yrkesaktivitet for funksjonshemma.

I tråd med sektoransvarsprinsippet er ein stor del av tiltaka i handlingsplanen lagt inn i den ordinære verksemda til departementa. Konsekvensane av tiltaka for budsjettet vert innarbeida i dei årlege budsjettproposisjonane for kvart enkelt departement. Ved handsaming av statsbudsjettet for 1999 vart det over Sosial- og helsedepartementet sitt budsjett løyvd 51,9 mill. kroner over kap. 0674.21 – spesielle driftsutgifter - til å følgje opp ein del av tiltaka i Handlingsplanen for funksjonshemma.

Stortinget er gjort kjent med oppfølging av handlingsplanen gjennom rapportering i St.prp. nr. 1. Rapporteringa viser at dei fleste tiltaka vart starta i 1999.

Kreftplanen

Omtale av formålet med tiltaket

Nasjonal kreftplan er ein 5-årig handlingsplan som er retta mot dei særskilte flaskehalsane for å betre den spesifikke kreftbehandlinga. Handlingsplanperioden er frå 1999-2003, og er no inne i sitt andre år. Samla skal det brukast 2,050 mrd. kroner meir for å oppfylle den vedtekne kreftplanen. Av desse midlane er 1,7 mrd. kroner direkte statlege tilskot på statsbudsjettet. Fylkeskommunane skal dekkje 350 mill. kroner i planperioden til investeringar og bygg der strålemaskinene og bunkerane skal plasserast. Staten dekkjer utgiftene til strålemaskiner og bunkerar 100 pst.

Resultat så langt sett i forhold til verksemda dei siste 2-4 år

Nasjonal kreftplan starta opp i 1999, og 2000 er det andre året i handlingsplanen. Utbygging av stråleterapien er i rute, med i snitt ei utbygging på 2-3 maskinar årleg. Utbygginga av mammografiscreeningen er og godt i gjenge, ved at 16 av 19 fylkeskommunar vil vere i gang med planlegging/drift av screening i løpet av 2000. Planen er at dei tre resterande fylkeskommunane vil få midlar til oppstart neste år.

Utstyrsinvesteringar ved sjukehusa

Stortinget har vedteke ein femårig plan for å betre utstyrssituasjonen ved norske sjukehus, jf. St.prp. nr. 61 (1997-98) Om nasjonal kreftplan og plan for utstyrsinvesteringar ved norske sjukehus.

Planen er ei ordning der staten refunderar 60 pst. av dei fylkeskommunale utgiftene til medisinsk teknisk utstyr og IT utstyr i perioden 1998 til 2002 innafør ei maksimal ramme på 2 960 mill. kroner for heile perioden.

Planen har som utgangspunkt at mangel på utstyr og forelda medisinsk teknisk utstyr er ei årsak til dårleg effektivitet og kvalitet i behandlinga av pasientane. Omsynet til kapasiteten og kvaliteten ved sjukehusa ligg til grunn for det ekstraordinære tilskotet.

I 1999 var det 528 mill. kroner disponibelt for utstyrsinvesteringar. Av dette var 244 mill. kroner overført frå 1998. Om lag 154 mill. kroner vart refundert på grunnlag av rekneskapen for 1998 frå fylkeskommunane. Om lag 374 mill. kroner er overført til 2000.

Midlane vert betalt ut på grunnlag av revisorattesterte rekneskap frå fylkeskommunane. Frist for framlegg av rekneskap for investeringar i 1999 er 1. mars 2000. Det er venta at heile løyvinga for 1999 då vil bli utbetalt. Investeringsaktiviteten synes godt i samsvar med planføresetnadene.

Innsatsstyrt finansiering

Innsatsstyrt finansiering vart innført i 1997 med sikte på å stimulere til auka behandling ved norske sjukehus, og å redusere ventetida for naudsynt behandling. Finansieringsordninga byggjer på DRG-metoden (ein refusjon etter pasientaktivitet). I 1999 vart den aktivitetsavhengige delen auka til 50 pst. For å få ei enklare finansiering og for å stimulere til auka behandling utan innlegging, vart dagkirurgi og nokre dagmedisinske prosedyrer frå 1. januar 1999 inkludert i ordninga på same måten som innlagde pasientar. Målsetjinga for 1999 var å auke pasientbehandlinga med 0,75 pst. frå 1998 til 1999. Aktivitetstal for dei 8 første månadene viste ein auke på 2,5-3 pst. På denne bakgrunn vart det ved Stortingets behandling av St.prp. nr. 67 (1998-99) Omprioriteringer og tilleggsbevilgningar på statsbudsjettet 1999 i tillegg løyvd 448 mill. kroner. Ved Stortingets behandling av St.prp. nr. 13 (1999-2000) Endringer under enkelte kapitler på statsbudsjettet under Sosial- og helsedepartementet, vart det vedteke å auke løyvinga med ytterlegare 343 mill. kroner til 11 091 mill. kroner for 1999.

Frå 1996 til 1998 har aktivitetsauken i sjukehusa vore på 5 pst. målt ved innlagte pasientar. Samstundes har det vore ein monaleg nedgang i talet på garantibrot. Det er rimelig å tru at delar av denne nedgangen skuldast aukinga i behandlingsskapasiteten.

3.2 Oppfølging av handlingsplan for eldreomsorga

Ved handsaminga av St.meld. nr. 50 (1996-97) Handlingsplanen for eldreomsorga, vedtok Stortinget ein fireårig handlingsplan for eldreomsorga for perioden 1998-2001. Målet for satsinga er å auke kapasiteten i den kommunale pleie- og omsorgstenesta for å møte det veksande talet på eldre over 80 år dei nærmaste åra. Til saman skal handlingsplanen gje rom for 24 400 nye sjuke-

heims plassar/omsorgsbustader og 12 030 nye årsverk. Til saman er dette kostnadsrekna til 4 mrd. kroner i auka driftsutgifter i løpet av planperioden og vel 19 mrd. kroner i investeringar målt i 1997-kroner.

I 1999 vart det løyvd i alt 2 111 mill. kroner til drift av tenestene, og ei tilsegsramme for investeringane på 5 800 einingar.

Dei rapportane og planane Sosial- og helsedepartementet så langt har fått inn frå kommunane viser at handlingsplanen så langt har utløyst stor aktivitet i kommunane. 1999-resultata viser at det er gjeve tilsegn til 6 167 sjukeheims plassar/omsorgsbustader knytta til handlingsplanen for eldreomsorga og at kommunane har oppretta i underkant av 3 000 nye årsverk i pleie- og omsorgstenesta. Dette er godt i samsvar med det som er rekna med.

I 1999 var det eit mindreforbruk på i overkant av 26 mill. kroner på løyvinga til handlingsplanen. Grunnen til dette var at Oslo kommune ikkje fekk utbetalt heile tilskotet avdi kommunen ikkje fylte vilkåra med tanke på måloppnåinga som var sett for å få utbetalt heile tilskotet. Løyvinga er gjort overførbar frå 1999, og kommunen vil få utbetalt resten av tilskotet når kommunen har fylt måltala som var sett for 1999.

Opptappingsplan psykisk helse

Ved handsaminga av St.prp. nr. 63 (1997-98) Om opptappingsplan for psykisk helse 1999-2000 - endringer i statsbudsjettet for 1998, vedtok Stortinget ein åtteårig handlingsplan for psykisk helse for perioden 1999-2006. Målet for satsinga er å styrke tilbodet til menneske med psykiske lidningar. Handlingsplanen skal gje 3 400 nye omsorgsbustader, monaleg større kapasitet i andrelinjetenesta og 9 158 nye årsverk. Vidare er etterutdanning, informasjon om psykisk helse og styrking av brukarorganisasjonar prioriterte område. Til saman er planen kostnadsrekna til om lag 4,5 mrd. kroner i auka driftsutgifter i løpet av planperioden og om lag 6,3 mrd. kroner i investeringar. I budsjettet for 1999 vart det sett av 400 mill. kroner meir til psykisk helsevern samanlikna med 1998 og av det 65 mill. kroner for å auke fylkeskommunane sine frie inntekter.

Førebels rapportar frå kommunar og fylkeskommunar viser ei positiv utvikling i 1999. Dei øyremarka midla til drift i kommunesektoren på 254 mill. kroner ser ut til å vere ein viktig stimulans til å styrke og utvikle det psykiske helsefeltet, sjølv om det framleis er ein del variasjonar dei enkelte fylkeskommunar og kommunar i mellom. Det vart gitt ei tilsegsramme for investeringar på 81 mill. kroner i 1999. Rapportane Sosial- og helsedepartementet har fått inn så langt viser at investeringsprosjekta i kommunesektoren vart seinare igangsett enn rekna med, noko som gjer at ein del av investeringsmidlane vart overført til 2000.

3.3 Kontantstøtta, barnehagar

Kontantstøtte

Kontantstøtte til småbarnsforeldre er heimla i lov av 24. juni 1998 som vart sett i kraft frå 1. august same år. Ordninga omfattar born mellom 1 og 3 år som bur i Noreg dersom barnet ikkje har heiltidsplass i barnehage som mottek statleg driftstilskot. Dersom barnet har deltidsplass i barnehage, har familien rett på delvis kontantstøtte i samsvar med skriftleg avtala redusert opphaldstid.

Ordninga vart innført gradvis og omfatta 1-åringar frå 1. august 1998 og 2-åringar frå 1. januar 1999, og inneheldt ei overgangsordning for born som fylte 2 år hausten 1998.

Trygdeetaten forvaltar kontantstøtta og kommunane er pålagde å føre register over born i barnehage for kontrollformål. Dei kommunale kontrollregistra skal innehalde opplysningar om dei borna i alderen 1 år til 3 år som har barnehageplass og kva opphaldstider dei har. Desse opplysningane vert sende trygdeetaten som nyttar dei i samband med sakshandsaming og utbetaling av kontantstøtte. Formålet er å unngå feilutbetalingar av kontantstøtte.

Under handsaminga av statsbudsjettet for 1999 vedtok Stortinget at det skulle gjelde nye satsar for barnehagetilskotet og kontantstøtta frå 1. august 1999, for å auke fleksibiliteten. Stortinget vedtok 15. juni å innføre fem satsar for kontantstøtte, mot tidlegare fire, med verknad frå 1. august 1999. Dei nye satsane er 20, 40, 60, 80 og 100 prosent av fullt stønadsbeløp. Heiltidsplass i barnehage vart etter overgangen til fem satsar definert som 33 timar eller meir per veke, mot tidlegare 31 timar eller meir per veke. Samstundes vart satsane for det statlege tilskotet til barnehagane harmonisert med den nye satsstrukturen for kontantstøtta med omsyn til opphaldstid og kategoriar.

På statsbudsjettet for 1999 var det løyvd 2 178 mill. kroner til post 70 Tilskot til kontantstøtte. Rekneskapstala for 1999 viser at dei samla utbetalingane av kontantstøtte for 1999 var på 2 348 mill. kroner, dvs. eit meirforbruk på 169 mill. kroner (7,8 pst.), som vart dekt inn av deler av mindretgiftene på kapittel 856, post 60 Tilskot til barnehagar. Meirutgiftene tilsvarar kontantstøtte til vel 6 500 born når ein legg det gjennomsnittlege stønadsbeløpet for 1999 til grunn. Dette kan forklarast med at det var ein lågare andel av eitt- og toåringane i barnehage enn lagt til grunn for løyvinga.

Tala frå Rikstrygdeverket viser at det gjennomsnittleg per månad var 87 679 familiar og 91 651 born som mottok kontantstøtte i 1999. Talet på born med kontantstøtte gjekk ned med 8 840 frå august til september på grunn av hovudinntaket i barnhagane. Talet på born med full stønad vart redusert med 15 659 medan talet på born som mottok gradert stønad auka med 6 819, som til dels kan forklarast med overgang til ny satsstruktur og nye opphaldstidskategoriar i barnehagane frå 1. august 1999.

Som eit ledd i evalueringa av kontantstøtteordninga, gjentok Statistisk sentralbyrå våren 1999 ei spørjeundersøking frå våren 1998 om bruken av kontantstøtte, kva tilsynsordningar småbarnsforeldra valde og verknader på deltaking i arbeidslivet. I tillegg gjennomfører Norges forskningsråd eit miniprogram med forskningsprosjekt som ser på ulike problemstillingar knytta til kontantstøtteordninga.

Barnehagar

Staten yter tilskot til drift av barnehagar. Tilskotet er øyremerka og vert gitt til alle godkjende barnehagar, både private og offentlege. Satsane for tilskotet varierar etter alderen til barnet og etter opphaldstida.

Det er fylkesmannen som fattar vedtak om tildeling av driftstilskot til barnehagane. Etablerte barnehagar får tilskotet berekna på grunnlag av talet på born, alderen deira og opphaldstid per 15. desember året før. Nye barnehagar får tilskot frå måneden barnehagen opnar. Vidare kan etablerte barnehagar

søkje om auka tilskot dersom barnehagen tek inn fleire born enn det som vart opplyst på årsmeldinga per 15. desember.

1999 var det første heile budsjettåret etter at kontantstøtteordninga trådte i kraft. Det var ein viss usikkerheit knytt til om den nye ordninga ville gje endra bruk av barnehage for dei yngste borna. Statistisk Sentralbyrå sin barnehagestatistikk for 1999 vert først publisert tidleg på sommaren 2000. Dermed er det vanskeleg å seie noko sikkert om korleis barnehagebruken for dei yngste borna har utvikla seg. Barnehagestatistikken frå utgangen av 1998 viser likevel at det totalt sett var ein nedgang i løpet av 1998 på 1200 born i kontantstøttealder som hadde barnehageplass. 1998-statistikken viser også at det var ein auke i talet på born i denne aldersgruppa som har deltidsplass.

Det er truleg at denne utviklinga heng saman med innføringa av kontantstøtteordninga. Evalueringa av kontantstøtta vil kunne seie noko meir om korleis dei ulike ordningane og kombinasjonsmoglegheitene vert tekne i bruk.

1. august 1999 vart opphaldstidene og satsane for driftstilskot til barnehagar endra. Dette vart gjort mellom anna for å få til ei betre harmonisering med satsane for gradert kontantstøtte. Formålet var å gjera det enklare å kombinera dei to ordningane.

I statsbudsjettet for 1999 vart det løyvd 4 466, 9 mill. kroner til driftstilskot til barnehagar. Måltalet for etablering av nye barnehageplassar i 1999 var 2 500 plassar. I samband med behandlinga av revidert nasjonalbudsjett for 1999 vedtok Stortinget å auke måltalet for 1999 til 7 500 plassar.

Rekneskapstala for 1999 viser at dei samla utbetalingane til driftstilskot var på 4 213 mill. kroner. Dette er ei mindreutgift på vel 253,8 mill. kroner. Barne- og familiedepartementet legg til grunn at mindreutgifta skuldast to ting. Det vart etablert færre barnehageplassar enn føresett i 1999. Vidare var utgiftene knytt til omlegginga av tilskotet 1. august 1999 lågare enn føresett. Barnehagestatistikken for 1999 vil kunne gje betre grunnlag for å vurdere dette.

3.4 Distriktpolitiske tiltak

I statsbudsjettet for 1999 vart det vedteke ei auking i løyvingane til distrikts- og regionalpolitiske tiltak på til saman 260 mill. kroner. Totalt vart det løyvd 2 117,5 mill. kroner, medan vedteke operasjonsramme vart 1 789,5 mill. kroner. I tillegg vart 300 mill. kroner fordelte på departementa etter ei heilskapleg distriktpolitisk vurdering.

Det var i 1999 ei ekstra løyving på 100 mill. kroner til samarbeidstiltak mellom fylkeskommunar, regionale statsetatar, kommunar, næringsliv og frivillige organisasjonar for å betre vilkåra for sysselsetjing og levevilkår i distrikta.

Fylkeskommunane fekk tilsegner for til saman om lag 46 mill. kroner til samordningsprosjekt der offentlege etatar og andre regionale aktørar deltok i samarbeid om felles prosjekt. Det vart også løyvd til saman om lag 6 mill. kroner til samordningsprosjekt der fleire departement gjekk saman om å finansiere regionale prosjekt. 25 pst. av dei prosjekta som fekk støtte involverte utdanningssektoren, ofte i samarbeid med næringslivet.

Tiltak for utvikling av arbeidsplassar i distrikta vart finansiert ved at løyvingane til SND og fylkeskommunane vart auka med 138,3 mill. kroner i 1999. I

tillegg vart tilskot til program for kompetanseutvikling auka med 18,5 mill. kroner og ordninga med etablererstipend auka med 14,5 mill. kroner.

3.5 Internasjonal bistand og hjelpetiltak i samband med krisa i Kosovo

I 1999 vart det under Utanriksdepartementet sine ansvarsområde utgiftsført 10 788 mill. kroner til offisiell utviklingshjelp (ODA), tilsvarande 0,92 pst. av bruttonasjonalinntekta (BNI) for 1999. Vedteke budsjett for utviklingshjelp for 1999 vart rekna til 0,88 pst. av anslaget på BNI for 1998 i St.meld. nr. 1 (1998-99), jf. Nasjonalbudsjettet 1999.

Tabell 3.1: Utbetalingane til utviklingshjelp og overførte beløp for perioden 1990 – 1999 (Tal i mill. kroner)

År	Utbetalt	Utbetalt i pst. av BNI	Overført neste termin	Overført i pst. av disp. bevilg.
1990	7 576 mill.	1,16	421 mill.	6 pst.
1991	7 649 mill.	1,13	249 mill.	3 pst.
1992	7 921 mill.	1,16	158 mill.	2 pst.
1993	7 203 mill.	1,01	503 mill.	7 pst.
1994	8 033 mill.	1,05	479 mill.	6 pst.
1995	7 923 mill.	0,87*	415 mill.	5 pst.
1996	8 492 mill.	0,85	481 mill.	6 pst.
1997	9 327 mill.	0,87	375 mill.	4 pst.
1998	10 183 mill.	0,93	203 mill.	2 pst.
1999	10 788 mill.	0,92	418 mill.	4 pst.

* Dette året vart utrekningsmåten for BNI lagt om. Dette innebar at utviklingshjelpa målt i prosent av BNI vart lågare enn om tidlegare metode vart nytta.

3.5.1 Bistand over Utanriksdepartementet sitt budsjett i samband med krisa i Kosovo

Nedanfor er gitt ei utgreiing om løyvingar i 1999 under Utanriksdepartementet (kap. 192, post 71) til hjelpetiltak i samband med krisa i Kosovo.

Tabell 3.2: Løyvingar i 1999 under Utanriksdepartementet (kap. 192, post 71) til hjelpetiltak i samband med krisa i Kosovo (Tal i mill. kroner)

Vedtak	Løyving
Av ordinær løyving på posten	30,0
St.prp. nr. 56 (1998-99), Innst. S. nr. 149 (1998-99) Om humanitær hjelp i samband med krisa i Kosovo	195,0
St.prp. nr. 59 (1998-99), Innst. S. nr. 175 (1998-99) Tilleggsloyvingar på statsbudsjettet for 1999 i samband med krisa i Kosovo	48,0
St.prp. nr. 88 (1998-99), Innst. S. nr. 242 (1998-99) Om humanitær hjelp i samband med krisa i Kosovo	350,0

Tabell 3.2: Løyvingar i 1999 under Utanriksdepartementet (kap. 192, post 71) til hjelpetiltak i samband med krise i Kosovo (Tal i mill. kroner)

Vedtak	Løyving
Omdisponering ved kgl. res., jf. fullmakt gitt i St.prp. nr. 59 (1998-99), Innst. S. nr. 175 (1998-99)	150,0
Omdisponering, jf. St.prp. nr. 30 (1999-2000), Innst. nr 87 (1999-2000) Ny saldering av statsbudsjettet medrekna folketrygda for 1999	237,5
Samla løyving til hjelpetiltak i samband med krise i Kosovo	1 010,5

Av den samla løyvinga vart om lag 750 mill. kroner utbetalt i 1999, og det resterande beløpet vart overført til 2000 til bruk i regionen. Midlane vart hovudsakleg kanalisert gjennom norske organisasjonar og FN-systemet.

I mai 1999 oppheldt 800 000 flyktningar seg utanfor Kosovo sine grenser, hovudsakleg i leirar i Makedonia og Albania, grunna krigshandlingane inne i provinsen. I tillegg var det 200 000 – 300 000 internt fordrevne i Kosovo.

Det høge nivået på løyvinga til tiltak i Kosovo har samanheng med dei store kostnadene som Noreg i lag med andre land tok på seg i samband med dei store flyktingestraumane frå Kosovo til Noreg og nabolanda i Sørøst-Europa. NATO sine luftoperasjonar pågjeikk til 10. juni 1999, og den internasjonale fredsstyrken KFOR gjekk inn i Kosovo 12. juni 1999. Dei kosovoalbaniske flyktingane vende tilbake frå nabolanda medan serbarar i Kosovo flykta for å koma unna hemnaksjonar frå kosovalbanarane. Dei store øydeleggjingane i Kosovo og i Serbia førde for det fyrste til at behovet for naudhjelp auka i Serbia. For det andre vart det behov for snarleg attreising av hus, skular, sjukehus og infrastruktur som vatn- og straumforsyning i Kosovo.

Takka vere fredsløysinga vende mange flyktningar heim frå Noreg og midlar avsette til arbeid for flyktningar i Noreg vart difor omdisponerte til tiltak i regionen. Behova for naudhjelp var framleis store. Midlane vart omdisponerte til tiltak for å avhjelpe den humanitære stoda før vinteren, særleg i Serbia, Kosovo og Montenegro der behova var størst.

3.5.2 Bistand over Forsvarsdepartementet sitt budsjett i samband med krise i Kosovo

KFOR er no oppsett med om lag 45 000 personar, der om lag 6 000 er stasjonerte i Makedonia og Albania. Styrken er godt etablert i Kosovo og har militær kontroll over situasjonen, sjølv om det framleis finn stad etnisk uro og spreidd valdsbruk mellom kosovoalbanerar og serberar. I påvente av at internasjonale organisasjonar skal ivareta ein større del av den sivile attreisinga, har KFOR utvida sitt mandat til også å omfatte grensekontroll, tiltak mot kantonisering og auka vern av minoritetar. KFOR si oppgåve består i tillegg til å gje humanitær assistanse til flyktningar og internt fordrevne, oppretthalde lov og orden, rydding av miner og eksplosivar, samt oppgåver påkrevd i forhold til FN, OSSE og andre som har ansvaret for den sivile attreisinga.

Når det gjeld norsk deltaking i KFOR, gjer Telemark bataljon (TMBN) teneste, initielt forsterka med eit ingeniørkompani totalt om lag 1 300 personar, utanfor Pristina som ein del av den britisk leia brigaden (MNB-C) i det sentrale Kosovo, der også Finland, Sverige og Canada stiller styrkebidrag.

Forutan TMBN deltek Noreg med informasjonsoffiserar, sambandselement og stabsoffiserar i hovudkvarter. Den norske bataljonen opererar i eit uroleg og etnisk samansett operasjonsområde der krava til eige vern og mobilitet er svært strenge. TMBN er gjevne gode skussmål for innsatsen så langt, m.a. av at styrken kan disponerast relativt fritt av sjef-KFOR over teig-grensene. Denne fleksibiliteten vil bli endå meir verdifull når det i løpet av våren vert utarbeidd ein forsvarsplan for Kosovo, der behovet for strategiske forflyttingar med eldstøtte og pansring er eit sentralt element.

Som følge av den norske satsinga i Kosovo, har den norske infanteribataljonen vi hadde i Bosnia vorte redusert til ein mindre styrke på om lag 140 personer. Den nye styrken består i hovudsak av ei logistikkeining innanfor ei nordisk-polsk bataljonsgruppe, samt stabspersonell i hovudkvarter.

Forsvaret si deltaking i Kosovo og Bosnia har for 1999 kosta om lag 2 mrd. kroner som i hovudsak er løyvde i tillegg til den ordinære forsvarsramma.

3.5.3 Bistand over Kommunal- og regionaldepartementet sitt budsjett i samband med krisa i Kosovo

I mai 1999 vart det vedteke at Noreg etter oppmoding frå og i samarbeid med FN sin Høgkommissær for flyktningar kunne ta imot inntil 6 000 flyktningar frå Kosovo. Under handsaminga av St.prp. nr. 59/Innst. S. nr. 175 (1998-99) Om tilleggsøyvingar på statsbudsjettet i tilknytning til mottak av flyktningar frå Kosovo, vedtok Stortinget ei tilleggsøyving på 1 218 mill. kroner til utgifter i tilknytning til flyktningane. Utgiftene til tiltak vart løyvde over budsjetta til fleire departement. Stortinget vedtok òg at Kongen i tilfelle eit mindreforbruk til flyktningutgifter i Noreg, kunne gje samtykke til å omdisponere frå tilleggsøyvinga på dei gitte postane og kapitla til auka innsats i nærområdet over Utanriksdepartementet sitt budsjett.

Situasjonen vart ein annan enn det som vart lagt til grunn i St.prp. nr. 59 (1998-99). Totalt 6 092 flyktningar vart evakuerte frå Kosovo og om lag 140 personar fekk familiesameining med desse og kom til Noreg i 1999. Om lag 3 600 vende tilbake til Kosovo med stønad i 1999. Auke i flyktningar som vende tilbake, færre familiesameiningar og lågare busetjing enn rekna med gjorde at det var mogleg å omdisponere eit beløp kalkulert til om lag 388 mill. kroner til auka innsats i nærområdet i 1999. Av dette er om lag 295 mill. kroner knytt til mindreforbruk på Kommunal- og regionaldepartementet sitt budsjett, medan om lag 33 mill. kroner er mindreforbruk på budsjettkapitla under Kyrkje-, utdannings- og forskningsdepartementet, om lag 16 mill. kroner på budsjettkapitla under Sosial- og helsedepartementet og om lag 45 mill. kroner på budsjettkapitla under Arbeids- og administrasjonsdepartementet. Utanriksdepartementet har bruka si løyving, medan Justisdepartementet i tilknytning til ny saldering av statsbudsjettet fekk ei ekstraløyving på om lag 10 mill. kroner.

I kgl. res. av 22. oktober 1999 vart det gitt fullmakt til å omdisponere 150 mill. kroner frå Kommunal- og regionaldepartementet til Utanriksdepartementet. Det resterande mindreforbruket på om lag 238 mill. kroner vart under handsaminga av St.prp. nr. 30/ Innst. S. nr. 87 (1999-2000) om nysaldering av statsbudsjettet omdisponert til auka innsats for flyktningar i nærområdet over Utanriksdepartementet sitt budsjett.

4 Folketrygda for 1999

4.1 Sjukepengar

Dei samla utgiftene til sjukepengar frå folketrygda auka med 13,4 pst. frå 1998 til 1999 (nominelle kroner). For arbeidstakarar m.fl. (post 70) vart auken på 14,5 pst. (nominelle kroner).

I åra frå 1995 til 1999 var den prosentvise auken i talet på sjukepengedagar betalt av folketrygda per sysselsett lønnstakar litt sterkare for menn enn for kvinner, 35 pst. mot 32 pst. For menn var auken størst i aldersgruppa 16-29 år, mens auken for kvinner var størst i aldersgruppa 60 år og over.

Veksten i sysselsetjinga er ei viktig forklaring på at sjukefråværet i Noreg har auka kvart år sidan 1994. Ein strammare arbeidsmarknad fører mellom anna til at menneske med høgare sjukdomsrisiko kjem ut i arbeidslivet. Mange av dei vert gjengangarar på sjukepengar. Ein gjengangar er ein person som har fått sjukepengar frå folketrygda minst to gonger med mindre enn 6 månaders mellomrom. Førebels tal viser at gjengangarane stod for om lag 35 prosent av sjukepengedagane som folketrygda betalte i 1999, mot 31 prosent i 1995.

Analyser viser at dei som er nye på arbeidsmarknaden i ein konjunktur-oppgang, har høgare sjukefråvær enn dei som har vore i arbeid i lengre tid. Analyser av data frå enkeltkommunar som Rikstrygdeverket (RTV) har gjort, styrker teorien om at gjengangarane sin del av det samla talet på sjukmelde aukar når sysselsettinga aukar. Men ein ny analyse av RTV-data frå 1994, 1996 og 1997 viser at fråværet òg aukar monaleg blant arbeidstakarar som har vore lenge i arbeid. Auken i sjukefråværet dei seinare åra kjem difor ikkje berre av at nye grupper med helseproblem har kome inn på arbeidsmarknaden.

Det er grunn til å tru at endringar i andre velferdsordningar på 1990-talet òg har hatt innverknad på sjukefråværet. Dette gjeld mellom anna innstramminga i uførepensjonsordninga i 1991, maksimaltid for rehabiliteringspengar frå 1993 og opptrapping av tiltak innafor yrkesretta attføring. Langtidssjuke som utan desse tiltaka truleg ville ha fått uførepensjon, har i større grad vorte ført inn i medisinsk rehabilitering eller yrkesretta attføring og vidare ut i arbeid for ei kortare eller lengre tid, før dei kjem attende på sjukepengar.

Samstundes har det òg vore ein sterk auke i talet på nye uførepensjonistar dei siste åra. Mange av desse har tidlegare vore arbeidstakarar med høgt sjukefråvær, og ein skulle tru at det store talet på nye uførepensjonistar skulle gje færre personar med høgt sjukefråvær i arbeidsstyrken. Men så langt har ein ikkje sett teikn til denne typen effekt i sjukepengestatistikken.

Det ligg føre eit opplegg for ein ny samla sentral sjukefråværsstatistikk som mellom anna vil gje betre høve til å vurdere effekten av ulike tiltak for å redusere behovet for sjukmeldingar. Ein kan ikkje seie sikkert når denne statistikken kjem i gang, fordi RTV framleis ventar på løyve frå Datatilsynet.

Talet på personar som brukte opp retten til sjukepengar gjennom eitt eller fleire sjukepengetilfelle auka frå 20 885 i 1995 til 36 880 i 1998. I dei tre første

kvartala i 1999 voks talet på slike personar med over 10 prosent frå same periode året før. Analyser frå RTV viser at denne auken er med på å forklare den sterkare tilgangen på personar på rehabiliteringspengar og uførepensjon.

4.2 Uførepensjon

Utgiftene til uføre har auka dei siste åra. Frå 1998 til 1999 gjekk utgiftene opp med 9,5 pst. (nominelt). Dette har samanheng med auke i talet på uførepensjonistar, at grunnbeløpet i folketrygda har auka og at minstepensjonen vart auka med 12 000 kroner i året frå 1. mai 1998. I 1999 auka talet på uførepensjonistar med 4,6 pst. til 269 840. Tilgangsraten, dvs. talet på nye uførepensjonistar per 1 000 ikkje-uføre personar, var 12,8 promille, om lag det same som i 1998, då talet var 12,5 promille.

Ein grunn til at talet på nye uførepensjonistar veks, er at dei store etterkrigskulla no er komne opp i aldersgrupper der tilgangsratane til uførepensjon relativt sett er høgast. Auken i talet på nye uførepensjonistar sidan 1997 er påverka av veksten i sysselsetjinga på 1990-talet. Forklaringar på at uførepensjoneringa har gått opp samtidig med at sysselsetjinga har vore høg, kan vere at fleire personar med helseproblem har fått plass i arbeidslivet og at dei etter ei tid går over på sjukepengar og til slutt søker uførepensjon. Delen av nye uførepensjonistar som kjem direkte frå sjukepengar ser ut til å vere noko aukande, i 1997 var det 31 pst., i 1998 32 pst. og auken ser ut til å halde fram i 1999. Høgare sysselsetjing blant kvinner kan òg føre til at fleire vert vurderte som yrkesaktive når dei søker om uførepensjon og difor lettare kunne få uførepensjon enn om dei hadde vore vurderte i forhold til arbeid i heimen. Høg aktivitet og høgt arbeidstempo kan føre til auka press på arbeidstakarane, noko som òg kan føre til helseproblem.

Det er store skilnader mellom fylka i talet på uførepensjonistar. Førebels resultat frå RTV-prosjektet »Geografiske variasjoner i tilgang på uførepensjon 1980-1997» viser at tilgang til uførepensjon er høgare i kommunar med lågt utdanningsnivå og høge døyingstal. For menn tyder eit høgt gjennomsnittstal for arbeidsløyse i kommunen også på høg uføretilgang. For kvinner er uføretilgangen høg der det over tid foregår ei nettoutflytting. Resultata viser at det i gjennomsnitt går 5-6 år frå tidspunktet då arbeidsløysa er på det høgaste til ein ser toppen av uføretilgangen. Om dette er riktig, burde toppen av uføretilgangen som følgje av at talet på gjennomsnittleg arbeidsløyse var på det høgaste i 1993-1994 no vere over, men søknadstala for 1999 viser ikkje tydelege teikn til at det er tilfelle.

Auka innsats i trygdeetaten for å byggje ned restansar og raskare behandling av uførepensjonssaker førte spesielt i 1997 og 1998 til ein auke i talet på uføre. Om lag 20 pst. av auken i talet på uføre frå 1997 til 1999 skreiv seg frå endringar i saksbehandlingstid. I 1999 har nedbyggjinga av restansar vore noko mindre.

I 1997 vart det innført fleire regelendringar for å motivere uførepensjonistar til å utnytte restarbeidsevna si betre. Friinntektsgrensa vart heva frå ein $1\frac{1}{2}$ G til 1 G, det vart innført ei prøveordning med lågare gradering av uførleik enn 50 pst., og utviding av »kvilande pensjonsrett» frå maks. 1 år til maks. 3 år om ein prøver seg i arbeidslivet (Kvilande pensjonsrett inneber at om ein ikkje

lukkast i arbeidslivet, får vedkomande attende den tidlegare uførepensjonen utan å måtte søkje på nytt). Dette ser ikkje ut til å ha ført til endringar i talet på uførepensjonistar, men gjennomsnittsinntekta blant uførepensjonistar har venteleg auka isolert sett.

4.3 Medisinsk rehabilitering

Attføring omfattar både yrkesretta attføring (under Arbeids- og administrasjonsdepartementet) og medisinsk rehabilitering (under Sosial- og helsedepartementet). Talet på mottakarar av rehabiliteringspengar auka frå 26 523 ved utgangen av 1998 til 28 961 eit år seinare. Det er ein auke på 9,2 pst. Utgiftene heng nært saman med talet på stønadsmottakarar. Utgiftene på post 70 auka med 12,1 pst. (nominelt) frå 1998 til 1999. Utgiftene i 1999 vart 3 328 mill. kroner. Post 71 Rehabiliteringspengar i påvente av attføring er eit formål under avvikling, og utgiftene i 1999 låg på om lag 1 mill. kroner. Ved utgangen av året var det 1 304 personar som hadde denne ytinga.

Det har vore ei ganske sterk auke på posten medisinsk rehabilitering dei seinaste åra. Auken frå 1998 til 1999 er likevel lågare enn for perioden 1996 – 1998, då utgiftene til dømes auka med om lag 23 pst. for kvart av åra. Auken dei siste åra har samanheng med veksten i talet på langtidssjukmelde, i tillegg til ein strammare arbeidsmarknad. Veksten i talet på langtidssjukmelde inneber meir presist, med omsyn til rehabiliteringsordninga, at fleire har brukt opp sjukepengerechten sin. I perioden 1995 til 1998 auka dette talet med om lag 77 pst. og for dei tre første kvartala i 1999 fekk vi endå ein auke med 11 pst. samanlika med dei tre første kvartala året før. Fleire og fleire kjem relativt sett direkte frå sjukepengar til rehabilitering. I 1994 var delen 54,5 pst., medan den i dei tre første kvartala i 1999 var auka til noko over 64 pst. Om lag 70 pst. av alle med rehabiliteringspengar er under 50 år og meir enn 60 pst. er kvinner. Dei vanlegaste diagnosane for rehabiliteringspengemottakarar er muskel- og skjelettlidingar og mentale lidingar.

Sidan 1993 har ein større del av dei som avslutta rehabiliteringspengeperioden vorte uførepensjonistar. Denne auken til uførepensjon heng truleg saman med at maksimal stønadstid vart innskrenka til 52 veker frå 1. juli 1993.

4.4 Alderspensjon

Talet på alderspensjonistar ved utgangen av 1999 var 631 220 personar. Det er om lag 700 fleire enn på slutten av 1998. Alderspensjonistane utgjer no 14,1 pst. av folket i Noreg. Utgiftene har gått opp med 6,5 pst. (nominelt). Auken i utgifter er større enn auken i talet på alderspensjonistar. Dette har primært si årsak i at fleire av alderspensjonistane no har rett til tilleggspensjon, at gjennomsnittleg tilleggspensjon har auka, og at ein i 1999 har fått heilårsverkna den av auken i særtillegget frå 1.mai 1998.

Mange pensjonistar er allereie pensjonerte gjennom avtalefesta pensjon (AFP) når dei tek ut alderspensjon frå Folketrygda ved 67 år. Ved utgangen av 1999 var det 25 628 personar med AFP. Det var ein auke på 18,8 pst. frå året før. Hovudårsaka til denne auken i talet på AFP-mottakarar er at aldersgrensa har vorte senka.

4.5 Einsleg mor eller far

Utgiftene til overgangsstønad gjekk ned med 5,1 pst. (nominelt) frå 1998 til 1999. Talet på einslege forsørgjarar med overgangsstønad var ved utgangen av 1999 vel 41 400, om lag 3 200 færre enn året før. Nedgangen i talet på stønadsmottakarar har i stor grad samanheng med regelendringa frå 1. juli 1999. Endringa inneber at stønadene i folketrygda til einslege forsørgjarar ikkje vert gjeve når den einslege forsørgjaren lever i eit sambuarskap som har halde fram i meir enn 12 av dei siste 18 månadene.

Talet på einslege forsørgjarar med overgangsstønad gjekk ned med 10,7 pst. frå 1994 til 1999. Hovudårsakene til dette er i) omlegginga av stønadsordninga frå 1. januar 1998 kor målet var å betre økonomien til einslege forsørgjarar med små born og å stimulere til auka sjølvforsørgjing etter ein overgangsperiode og ii) regelendringa om sambuarskap frå 1. juli 1999.

I 1999 var delen »aktive» forsørgjarar 74,9 pst. Dette var det same som i 1998. Med aktive einslege forsørgjarar meiner vi dei som er heilt sjølvforsørgjande (berre stønad til barnetilsyn), dei som er delvis sjølvforsørgjande (reduisert overgangsstønad p.g.a. forventta inntekt) og dei som er under utdanning (full overgangsstønad og stønad til barnetilsyn). Til samanlikning var delen aktive einslege forsørgjarar 66,4 pst. i 1995.

Auka krav til aktivitet har gitt auka utgifter til utdanningsstønad. Høgare satsar for stønad til barnetilsyn har òg gitt auka kostnader. Utviklinga tilseier no at utgiftene til utdanningsstønad er på veg til å stabilisere seg. Ved utgangen av 1999 var 17,5 pst. av stønadsmottakarane under utdanning, om lag det same som i 1998. 57,4 pst. av dei som fekk overgangsstønad hadde i 1999 reduisert stønad avdi dei hadde arbeidsinntekt over 1¹/₂ G eller 68 055 kroner.

4.6 Helsestønader og hjelpemiddel

Utgiftene til legemiddel på blå resept auka med 2,6 pst. frå 1998 til 1999. Den låge veksten heng saman med at eigendelen for eldre, uføre og born vart sett opp til same nivå som for andre pasientar frå 1. januar 1999.

Utgiftene til sjukepleieartiklar auka frå 1998 til 1999 med 1,3 pst. Dette er ein langt mindre auke enn for åra før. Det er framleis utgiftene til diabetesutstyr som har den sterkaste auken. Rikstrygdeverket sine prisforhandlingar held fram, og dei er med på å dempe utgiftsveksten.

Refusjonsutgiftene til legespesialistar auka med 8,8 pst. og til almenlegar med 5,7 pst. frå 1998 til 1999.

Utgiftene til sjuketransport auka frå 1998 til 1999 med 4,7 pst. Dette er lågare enn for åra før. Det er særleg utgiftene til drosje som auka mindre enn for åra før.

Refusjonane av eignelutar for personar med frikort auka med 66,4 pst. frå 1998 til 1999. Auken heng saman med auken i eigendelar dei siste åra, særleg for legemiddel. Utgiftstaket for eignelutar har ikkje vorte auka vesentleg.

I 1996 kom digitale høyreapparat på marknaden, og dette har ført til ein sterk vekst i utgiftene. Prisgrensa for dei digitale apparata er høgare enn for dei analoge. Utgiftene auka i 1999 med 17,2 pst. nominelt.

Posten for tekniske hjelpemiddel auka sterkt nominelt i 1997 (15,8 pst.) og 1998 (16,4 pst.). Dette hang saman med endringar i regelverket for skulehjelpemiddel.

pemiddel, som førte til at langt fleire datahjelpemiddel vart formidla. Frå 1998 til 1999 er auken lågare (8,9 pst.). Det har samanhang med at utgiftene til datahjelpemiddel no er lågare.

4.7 Underhaldsbidrag til barn og ektefelle

Ved utgangen av 1999 var det registrert 126 000 bidragspliktige som var pålagt å betale bidrag gjennom Trygdeetatens innkrevjingsentral (TI). Dette er ein auke på 4 200 (3,4 pst.) frå utgangen av 1998. Den samla uteståande bidragsgjelda utgjorde 3 063 mill. kroner ved utgangen av 1999. På grunn av omlegging til nytt innkrevjingsssystem ved TI er bidrag for januar 2000 med 252 mill. kroner inkludert i bidragsgjelda for 1999. Inkludert i talet er også saker der bidragspliktige er busette i utlandet (431 mill. kroner) og uteståande i gamle gjeldssaker ved Statens innkrevjingsentral (SI) (238 mill. kroner). Tilsvarende tal ved utgangen av 1998 var 2 820 mill. kroner, av det skulda bidragspliktige busette i utlandet 413 mill. kroner og restgjeldssaker ved SI var 264 mill. kroner.

Totalt vart det kravd inn 2 987 mill. kroner i 1999. Det er ein auke på 251 mill. kroner (9,2 pst.) frå året før. I 1999 er påløpet auka med 500 mill. kroner (18,9 pst.) samanlikna med i fjor. Påløp er det bidragsbeløpet som bidragspliktig er pålagt å betale. Dersom påløp for januar 2000 vert trekt ut, har påløpet auka med 249 mill. kroner (9,4 pst.). Ein god måleindikator for innkrevjingsarbeidet og gjeldsutviklinga er forholdet mellom bidragsgjelda og dei oppsamla årlege bidragspliktene. Gjeldstalet i høve til påløpet er i 1999 redusert med 10 prosentpoeng.

Prosentdelen av bidragspliktige som er å jour eller har gjeld under 10 000 kroner er nesten den same i 1999 som i 1998, om lag 69 pst. (86 700).

Statens forskotering av bidrag utgjorde brutto 1 513 mill. kroner i 1999. I dei tilfella der det fastsette bidraget er mindre enn forskotsbeløpet, skal ikkje differansen krevjast inn. Beløpet skal utgiftsførast. Denne differansen nemast som »løyvd forskot». Løyvd forskot utgjorde 456 mill. kroner. Det vil seie at forskotsbeløp som kan krevjast for 1999 var 1 057 mill. kroner. Av dette beløpet vart 1 006 mill. kroner dekt av innbetalingane frå dei bidragspliktige.

Dei vilkåra som er nytta no er ikkje tidlegare nytta ved noka vurdering av fordringane. Noverande vurdering av fordringar er førebels. Kommande år vil vi halde fram med arbeidet med å analysere bidragsgjelda og skaffe fram ytterlegare materiale. Etter kvart vil det føre til ei sikrare analyse av høvet til å krevje inn bidragsgjeld og samstundes vise eventuelle svingingar i forholdstala.

Ei meir systematisk oppfølging av bidragsgjelda over tid, vil truleg føre til at vi endrar den noverande kategoriseringa. Kategoriseringa vil spegle høvet til innkrevjing, og prioritering av innkrevjingstiltak.

Totalt uteståande fordringar, innanlands (bidragspliktige med laupande bidrag og bidragspliktige med restgjeld – utan laupande bidrag), er 2 417, 5 mill. kroner. Basert på dei omtala mellombels analysane, kan 1 292,4 mill. kroner av dette vurderast som gode fordringar, 515,3 mill. kroner som usikre og 610,7 mill. kroner som ei fordring som ikkje kan krevjast inn.

Ei god fordring er ei fordring vi reknar med å kunne krevje inn utan andre tvangstiltak enn trekk i lønn og ytingar. Usikre fordringar er fordringar som

kanskje kan krevjast inn ved hjelp av ytterlegare tvangstiltak. Fordringar som ikkje kan krevjast inn, er fordringar som ikkje kan krevjast uansett tvangstiltak på grunn av den bidragspliktige si betalingsevne.

Bidragspliktige med laupande bidrag

Totalt uteståande fordringar for bidragspliktige med laupande bidrag er 1 868,1 mill. kroner. Av dette er 1 083,7 mill. kroner å vurdere som gode fordringar, 371,3 mill. kroner som usikre fordringar og 414 mill. kroner som fordringar som ikkje kan krevjast inn.

Usikre fordringar er rekna ut frå ei vurdering av dagens dekningsprosent (innbetalt i høve til årleg påløp) og kva for tvangstiltak som allereie er sett i verk. Fordringar som ikkje kan krevjast inn er vurdert ut frå innbetalingsevna til skuldnaren og sist det vart registrert ei innbetaling på saka.

Grupperinga som er nytta er bidragspliktige med betalingsordning, trekk i lønn eller ytingar, gjeldsordningar og dødsbu, sporadisk innbetaling i 1999, ikkje innbetalt siste 3 år, ikkje innbetalt siste 5 år, ukjend adresse, inga betalingsevne og ikkje innbetalt etter 1995. Dekningsprosenten variera frå 2,2 pst. for bidragspliktige med ukjend adresse eller manglande betalingsevne til 107 pst. for dei med trekk i lønn eller yting.

På bakgrunn av noverande dekningsprosent er det rimeleg å rekne med ein årleg auke av gjeld for dagens bidragspliktige med laupande bidrag, på meir enn 240 mill. kroner dersom innkrevjingstiltaka ikkje vert meir effektive.

Bidragspliktige med restgjeld (utan laupande bidrag)

Sum uteståande fordringar er 549,4 mill. kroner for bidragspliktige med restgjeld. Av dette er 208,7 mill. kroner å sjå på som gode fordringar, 144 mill. kroner som usikre og 196,7 mill. kroner som fordringar som ikkje kan krevjast inn.

Vurderinga og kategoriseringa av dei bidragspliktige er gjort i høve til dei same vilkåra som for bidragspliktige med laupande bidrag. Det er likevel teke omsyn til at det ikkje vert produsert nye månadlege krav. Dekningsprosenten (innbetalt i forhold til restgjeld) variera frå 0,4 pst. for dei som ikkje kan krevjast til 45,4 pst. for dei med trekk i lønn og ytingar.

På bakgrunn av noverande dekningsprosent kan ein vente ein årleg reduksjon på om lag 96 mill. kroner av gjeld for dagens bidragspliktige med restgjeld.

Bidragspliktige busette i utlandet

Det er myndigheitene i kvart enkelt land som står for innkrevjinga når bidragspliktig bur i utlandet. Trygdeetaten er såleis avhengig av inngåtte avtaler og samarbeidsvilje frå kvart enkelt land. Totalt uteståande fordringar var 431 mill. kroner. Av dette gjeld 160 mill. kroner bidragspliktige i Norden. Sverige åleine står for nesten 99 mill. kroner.

Det vart til saman innbetalt 40,7 mill. kroner med ein dekningsprosent (innbetalt i prosent av påløp) på 58,7. I Norden vart det innbetalt 23 mill. kroner med ein dekningsprosent på 71,1.

Frå 1998 til 1999 er gjelda auka med i overkant av 18 mill. kroner. Størst netto gjeldsauke var det i Sverige (46 pst. av auken), USA (13 pst.), Frankrike (6 pst.) og Danmark (5 pst.).

Ved å leggje samla bidrag minus innbetalt i 1999 til grunn, kan det ventleg verte ein gjeldsauke på 28 mill. kroner årleg for dagens bidragspliktige.

5 Finansposter og kapitalrekneskapen

5.1 Finansinntekter og finansutgifter

Tabell 5.1: Renter (Tal i mill. kroner)

	1997	1998	1999
1. Renteinntekter i alt	15 323	12 284	14 185
Renter frå statsbankane	9 418	7 907	10 260
Renter av kapital i statens forretningsverksemd	170	171	203
Renter av innskot og andre krav	4 839	3 483	2 590
Renter av lån til statsforetak	664	450	463
Renter av lån til særlovselskap	168	217	634
Renter av lån til aksjeselskap	10	7	0
Renter frå folketrygda	51	49	34
Andre renteinntekter	3	0	1
2. Renteutgifter i alt	18 401	18 272	15 615
Av innanlandsk statsgjeld	15 733	16 851	15 180
Av utanlandsk statsgjeld	2 678	1 421	435
Netto renteinntekter/ renteutgifter	- 3 078	5 988	1 430

Staten hadde i 1999 renteinntekter på 14,2 mrd. kroner og renteutgifter på 15,6 mrd. kroner. Frå 1998 til 1999 gjekk rentene av den innanlandske statsgjelda ned med om lag 1,7 mrd. kroner. Rentene av den utanlandske statsgjelda gjekk ned med om lag 1 mrd. kroner. Renteinntektene gjekk opp 1,9 mrd. kroner frå 1998 til 1999.

5.2 Statens balansekonto

Tabell 5.2: Statens eignelutar og gjeld (Tal i mill. kroner)

Tekst	1998	1999	Endring
<i>Eignelutar</i>			
Bank- og postgirokonti m.m	47 942	57 006	9 064
Spesielle fond og forsikringar	195 471	249 175	53 704
Verdipapir inkl. kapital i statens sjølvstendige bedrifter	51 757	59 723	7 966
Utlån og utestående fordringar	185 370	189 459	4 089
Ordinære fond	4997	6 735	1 738
Forskot	625	677	52

Tabell 5.2: Statens eignelutar og gjeld (Tal i mill. kroner)

Tekst	1998	1999	Endring
Kapital i statsbankane	7 440	3 645	- 3 795
Fast kapital i statsbedriftene	150 675	173 003	22 328
Mellomrekneskapen med rekneskapsførarar	5 089	1 207	- 3 882
Valutabyte	- 947	- 376	571
Statsobligasjonslån. Overkurs/underkurs	-3 488	- 2 332	1 156
Valutakursregulering, statens utanlandsgjeld	- 875	- 825	50
	644 056	737 097	93 041
<i>Gjeld</i>			
Statsgjelda	253 594	258 828	5 234
Kontolån frå fond under Finansdepartementets forvaltning Verksemder med særskilte fullmakter	8 214 0	10 142 1 302	1 928 1 302
Deposita og avsettingar	11 178	11 907	729
Ufjerda gjeldsbrev for den ikkje betalte luten av grunnfond i statsbankene	3 136	806	- 2 330
Overførte unytta løyvingar	7 334	7 050	- 284
Avslutningskonto	360 600	447 062	86 462
	644 056	737 097	93 041

I samsvar med det nye Økonomireglementet for staten og Funksjonelle krav til økonomiforvaltningen i staten har ein frå og med 1996 søkt i større grad å vise kapitalrekneskapspostar under dei enkelte departementa, jf. St.prp. nr. 74 (1996-97).

Statens balansekonto omfattar ikkje investeringar i t.d. bygging av vegar, flyplassar og sjukehus. Slike investeringar vert ført til utgift i det året aktiviteten går føre seg og kjem difor ikkje til uttrykk på balansekontoen. Investeringar i forretningsdrifta vert derimot aktiverte og kjem med på balansekontoen som fast kapital.

Sum eignelutar auka med 93,0 mrd. kroner frå 1998 til 1999. Den største endringa fell på spesielle fond og forsikringar, som auka med 53,7 mrd. kroner. Statsgjelda gjekk ned med 5,2 mrd. kroner.

5.3 Garantiar

Garantiane hadde ved utgangen av 1999 ei samla ramme på 75,8 mrd. kroner og eit samla ansvar på 59,1 mrd. kroner.

Samla utbetalingar var på 242,4 mill. kroner i 1999.

Dei største garantiutbetalingane var knytta til Garanti-Instituttet for Eksportkreditt (GIEK), statsgaranti ved eksport, SUS/Baltikumordningen, samt Norsk Koksverk under Nærings- og handelsdepartementet.

5.4 Offentlege fond under forvaltning av Finansdepartementet

Rekneskapen for 1999 omfattar 78 fond mot 85 fond i 1998. 13 fond har falle bort i 1999, anten fordi fonda er avslutta eller overført til ein annan rekneskapsførar.

Fonda har i 1999 hatt ei samla inntekt på 3 186,5 mill. kroner og ei samla utgift på 3 820,5 mill. kroner. Det gjev eit samla driftsunderskot på 634 mill. kroner.

Av inntektene er 2 762 mill. kroner løyvde over statsbudsjettet. Dei største løyvingane gjeld Fond for SND og fylkeskommunane med 1 747,3 mill. kroner, og Landbrukets utviklingsfond med 580 mill. kroner.

Opptente renteinntekter og aksjeutbyte er 116,5 mill. kroner. Dette svarar til 5,26 pst. av samla renteberande fondskapital per 31. desember 1999.

Inneståande i statskassa frå fond som er skipa med løyving over statsbudsjettet får ikkje rente. Landbrukets utviklingsfond og Utviklings- og investeringsfondet for reindrifta utgjer eit unntak. For desse fonda har Stortinget bestemt at inneståande i statskassa skal gje renter. Landbrukets utviklingsfond har i 1999 hatt ei renteinntekt på 42 mill. kroner.

Det er i perioden overført 531 mill. kroner til statskassa og 1 386 mill. kroner til SND. Ymse tilskot på i alt 1 727 mill. kroner er elles dei største utgiftene til fonda. Av dette utgjer tilskot frå Landbrukets utviklingsfond 609 mill. kroner og tilskot til kommunar og fylkeskommunar frå fonda for lokal og regional næringsutvikling 492 mill. kroner.

Avskrivningar på lån og tap på verdipapir er 2,4 mill. kroner. Dei samla eigenlutane til fonda er per 31. desember 1999 bokførde med 4 786 mill. kroner. Av eigenlutane står 3 103,4 mill. kroner som innskot i statskassa, 1 491,3 mill. kroner er lån til landbruket.

Samla kapital i fonda per 31. desember 1999 er 4 679,5 mill. kroner. Andre kreditorar utgjer tilsaman 106,5 mill. kroner.

General vinst- og tapskonto og balansekonto til fonda er tekne inn under bolken Offentlege fond i tillegget til denne meldinga.

6 Statens petroleumsfond

Inntektene og utgiftene til Statens petroleumsfond er definerte i lov 22. juni 1990 nr. 36 om Statens petroleumsfond. Inntektene er summen av staten sin netto kontantstraum frå petroleumsverksemda, som vert overført frå statsbudsjettet, og avkastninga på formuen i fondet. Utgiftene til fondet er ei årleg overføring frå fondet etter vedtak i Stortinget¹⁾. Med utgangspunkt i innstillinga frå finanskomitéen ved behandlinga av loven om fondet, er det etablert som praksis at overføringa tilsvarar det oljekorrigerte underskotet på statsbudsjettet. Tabellane 6.1 og 6.2 viser balansen og resultatrekneskapen for Statens petroleumsfond. Rekneskapen for fondet er ikkje ein del av statsrekneskapen, men tala vert her presenterte til orientering.

Rekneskapen for Petroleumsfondet vert ført etter dei same retningslinene som rekneskapen elles i Noregs Bank. Rekneskapen i Noregs Bank er fram til og med 1998 blitt ført etter prinsippet om lågaste verdi. Frå og med 1999 vert rekneskapen i banken ført etter prinsippet om marknadsvardi.

I 1999 hadde Statens petroleumsfond inntekter utanom omvurderingar på til saman 51 923 mill. kroner. Kontantstraumen frå petroleumsverksemda til staten utgjør den største delen av desse inntektene med 44 627 mill. kroner. Dei bokførte renteinntektene og utbyte frå selskapa i porteføljen mv. utgjorde til saman 7 296 mill. kroner i 1999. Etter vedtak i Nysaldert budsjett 1999, vart det overført 18 494 mill. kroner frå Petroleumsfondet til statsbudsjettet i 1999. Overskotet i fondet vart dermed 33 429 mill. kroner.

Omvurderingane i rekneskapen for Statens petroleumsfond i 1999 utgjorde i alt 22 838 mill. kroner. Av dette var 2 477 mill. kroner realiserte verdipapirvinstar, og 17 337 mill. kroner var urealiserte vinstar. Valutakursreguleringar utgjorde 2 630 mill. kroner medan resultatet frå terminhandel i valuta og vinst på handlar i futures-marknaden utgjorde høvesvis -5 og 399 mill. kroner. Overskotet i fondet, medrekna omvurderingar i 1999, vart dermed totalt 56 267 mill. kroner.

Av dei samla omvurderingane som vart ført i rekneskapen i 1999, var 4 143 mill. kroner vinstar som fondet hadde med seg frå 1998, men som ikkje vart tekne med i rekneskapen i 1998 på grunn av at rekneskapen då fylgde prinsippet om lågaste verdi. Auken i urealiserte vinstar i 1999 ville vidare ha vore endå 12 239 mill. kroner lågare enn det som faktisk vart ført, dersom rekneskapen framleis hadde vore ført etter prinsippet om lågaste verdi. Samla avkastning i 1999 ville etter lågaste verdis prinsipp ha vore på tilsaman 13 751 mill. kroner, dvs. 16 382 mill. kroner lågare enn når ein legg marknadsvardien til grunn.

Kontantstraumen frå petroleumsverksemda fråtrekt overføringa til statsbudsjettet utgjør netto avsettinga til fondet over statsbudsjettet. Denne netto avsettinga var 26 133 mill. kroner i 1999. I tråd med omtalen i St.meld. nr.1 (1997-98) Nasjonalbudsjettet 1998 er overføringane frå statskassa til fondet i 1999 i all hovudsak vorte gjort ved utgangen av kvart kvartal. Fondet vart tilført

¹⁾ Overføringa frå fondet til statskassa vart fastsett i samband med Stortinget si behandling av nysaldert budsjett i desember.

3 018 mill. kroner ved utgangen av 1. kvartal, 8 000 mill. kroner ved utgangen av 2. kvartal og 13 500 mill. kroner ved utgangen av 3. kvartal. I 4. kvartal vart tidspunktet for overføring sett til 30. november i staden for 31. desember av omsyn til tusenårsskiftet, jf. omtale i St.prp. nr.30 (1999-2000) Ny saldering av statsbudsjettet for 1999. Overføringa 30. november vart sett til 3 000 mill. kroner, som på det tidspunktet svara til skilnaden mellom den forventa netto avsettinga til fondet i 1999 og det som var overført tidlegare same året.

Overføringa i 1. kvartal svara nøyaktig til mellomrekninga med statskassa ved utgangen av 1998, jf. at overføringa til fondet i 1998 var høgare enn den rekneskapsførde netto avsettinga på statsbudsjettet. Desse midlane vart difor ført attende til statskassa samstundes med kvartalsoverføringa.

Til saman overførde ein altså 27 518 mill. kroner til fondet over statsbudsjettet 1999, noko som var 1 385 mill. kroner høgare enn netto avsetting til Petroleumsfondet etter statsrekneskapen. I kapitalrekneskapen per 31. desember 1999 er denne differansen ført opp som ei mellomrekning mellom fondet og statskassa. I tråd med tidlegare praksis legg ein opp til at denne mellomrekninga ikkje vert betalt attende til statskassa, men kjem til frådrag når ein gjer den fyrste overføringa til fondet i 2000.

Når ein korrigerer for mellomrekninga med statskassa, viser rekneskapen at den bokførde verdien av fondet ved utgangen av 1999 var på 220 892 mill. kroner. Dette svarte også til marknadsverdien. Dersom ein framleis hadde ført rekneskapen etter lågaste verdi sitt prinsipp, ville den bokførde verdien av fondet ha vore 205 895 mill. kroner ved utgangen av 1999, jf. over.

Midlane i Petroleumsfondet vert plasserte i både renteberande verdipapir og eigenkapitalinstrument. Noregs Bank forvaltar Petroleumsfondet etter oppdrag frå Finansdepartementet. Finansdepartementet har i forskrift og i brev til banken definert nærare retningsliner for forvaltninga. I forskrifta om forvaltninga av fondet som tok til å gjelde frå 1. januar 1998, heiter det at Finansdepartementet skal definere ein såkalla referanseportefølje som dannar grunnlaget for risikostyringa. Referanseporteføljen er sett saman slik at den representerer ein nøytral investeringsstrategi innanfor dei retningslinene Finansdepartementet har gitt. Vidare har Finansdepartementet fastsett ei ramme for kor mykje dei faktiske investeringane kan avvike frå referanseporteføljen, målt ved risikomålet relativ volatilitet. Relativ volatilitet er definert som det forventa standardavviket til avkastninga til den såkalla referanseporteføljen som utgjer skilnaden mellom referanseporteføljen og den faktiske porteføljen, jf. nærare omtale i St.meld. nr. 1 (1997-98) Nasjonalbudsjettet 1998. Ramma for relativ volatilitet har vore 1,5 prosentpoeng sidan målet vart innført i 1998. Referanseporteføljen omfattar av 60 pst. renteberande verdipapir og 40 pst. eigenkapitalinstrument.

Den 7. mars 2000 offentliggjorde Noregs Bank årsrapporten for Statens petroleumsfond. Årsrapporten følgjer denne meldinga som uttrykt vedlegg. I dokumentasjonsdelen i den vedlagde årsrapporten for fondet er det gitt ei samla liste over fondet sine eignelutar, fordelt på aksjar, aksjefutureskontraktar, obligasjonar, obligasjonsfutureskontraktar, bankinnskott, tredjepartsavtaler, valutaterminkontraktar, gjenkjøps- og gjensalsavtaler og andre fordringar. For alle aksjeinvesteringane er det oppgitt namn på selskapet, marknadsverdi av aksjeposten og eigarandel i selskapet. For dei andre eignelu-

tane er det oppgitt namn på utferdaren eller motparten og marknadsverdi av plasseringa. Alle investeringane er fordelte etter land.

Noregs Bank sin årsrapport for Petroleumsfondet skildrar korleis den særskilte porteføljen av utanlandske verdipapir som svarar til fondet sin konto i banken, er forvalta i 1999. Den bokførde verdien av den særskilte porteføljen var 222 278 mill. kroner ved utgangen av 1999. Avkastninga på dei utanlandske investeringane i fondet vart på 12,44 pst. for heile 1999 når ein måler i utanlandsk valuta i samsvar med valutasamansettinga til referanseporteføljen. Når ein fordelar avkastninga på aksje- og obligasjonsporteføljene, viser tala at aksjeinvesteringane gav ei avkastning på 34,81 pst. og obligasjonsinvesteringane -0,99 pst. Det at den vekta summen av avkastninga for dei to aktivaklassane ikkje samstemmer med totalavkastninga, kjem av at utrekninga av avkastninga for kvar enkelt aktivaklasse, i motsetnad til totalavkastninga, ikkje tek omsyn til at fordelinga mellom aksjar og obligasjonar i nokon grad har endra seg gjennom året. Verdien av den norske krona svekte seg med vel 1 pst. mot valutakorga til Petroleumsfondet i 1999. Dette førte til at fondet sine utanlandske eignelutar vart tilsvarande meir verdt målt i norske kroner. Difor steig verdien av fondet i 1999 med vel 1 pst. meir når ein måler avkastninga i norske kroner enn i utanlandsk valuta. For heile året var totalavkastninga 13,85 pst. målt i norske kroner. Det er likevel avkastninga i utanlandsk valuta som er mest relevant når ein skal vurdere utviklinga i den internasjonale kjøpekrafta til fondet. Reell avkastning målt i utanlandsk valuta er berekna til 11,01 pst.²⁾

Det var til dels stor variasjon i avkastninga mellom kvartala i 1999, særleg for aksjeporteføljen. I 1. og 2. kvartal var totalavkastninga høvesvis 2,93 pst. og 2,01 pst. målt i utanlandsk valuta. Aksjeinvesteringane i 1. og 2. kvartal hadde ei avkastning på 6,62 pst. og 6,99 pst. I 3. kvartal var totalavkastninga -0,79 pst. Avkastninga var negativ både for aksjeinvesteringane (-1,78 pst.) og obligasjonsporteføljen (-0,13 pst.) i 3. kvartal. Avkastninga til totalporteføljen tok seg så kraftig opp i 4. kvartal, med ein avkastning på 7,95 pst. målt i utanlandsk valuta. Dette hadde bakgrunn i den gode avkastninga på aksjar på 20,32 pst i dette kvartalet, medan obligasjonsavkastninga var 0,05 pst.

Tala for avkastning er bruttotal i den forstand at forvaltningskostnadene ikkje er trekte ifrå. I resultatoppstillinga for fondet i tabell 6.2 er forvaltningskostnadene trekte ifrå. Dei samla kostnadene med forvaltninga vert dekte av fondet si avkastning i samsvar med forvaltningsavtalen mellom Finansdepartementet og Noregs Bank. For 1999 var satsane for godtgjering 0,14 pst. av den kapitalen som etter referanseporteføljen kunne plasserast i eigenkapitalinstrument, og 0,055 pst. av den kapitalen som kunne plasserast i renteberande verdipapir. Totalt mottok Noregs Bank 161,6 mill. kroner som godtgjering i 1999. Ein viser til den vedlagde årsrapporten for fondet for nærare omtale.

Ei viktig oppgåve for Finansdepartementet er å evaluere korleis Noregs Bank forvaltar midlane i fondet. Departementet nyttar det britiske konsultantselskapet Bacon & Woodrow til å utarbeide kvartalsvise rapportar om forvalt-

²⁾ I berekninga av realavkastninga har Noregs Bank deflatert med ein vekta sum av konsumprisstigninga i dei landa som var i fondet sin referanseportefølje i 1999. Den vekta auken i konsumprisane er berekna til 1,18 pst.

ninga av fondet. Desse rapportane er offentlege. Årsrapporten frå Bacon & Woodrow er også tilgjengeleg på Finansdepartementet sine sider på internett (www.finans.dep.no).

Bacon & Woodrow si evaluering tek utgangspunkt i referanseporteføljen for fondet. Selskapet analyserer kor stor del av den samla avkastninga til fondet som har samanheng med samansettinga av referanseporteføljen, og kor mykje som kjem av Noregs Bank si forvaltning. Generelt oppstår skilnaden i avkastning fordi fondet ikkje til ei kvar tid inneheld nøyaktig dei same verdi-papira som referanseporteføljen. Slikt samsvar ville vere både praktisk vanskeleg og ville medføre høgare transaksjonskostnader. Bacon & Woodrow splittar opp og analyserer skilnaden i avkastning mellom den faktiske porteføljen og referanseporteføljen. I årsrapporten for 1999 finn dei at fondet i 1999 hadde ei totalavkastning på 13,86 pst. målt i norske kroner, medan avkastninga til referanseporteføljen var 12,60 pst.

Tala frå Bacon & Woodrow viser at Petroleumsfondet i 1999 hadde ei avkastning som var 1,26 prosentpoeng høgare enn referanseindeksen ³⁾. Det var meiravkastninga på 0,83 prosentpoeng i 4. kvartal som bidrog mest til den positive differansen til referanseporteføljen for året samla sett. Det var særleg dei eksterne aktive aksjeforvaltarane som hadde høgare avkastning dette kvartalet i forhold til referanseindeksen. I dei tre fyrste kvartala var skilnaden samla sett for totalporteføljen høvesvis -0,02, 0,15 og 0,22 prosentpoeng.

Noregs Bank si forvaltning av Petroleumsfondet vert revidert av Noregs Banks revisjon. Han er underlagt representantskapet som er oppnemnt av Stortinget. Alle viktige rapportar som Noregs Bank sender ut om Petroleumsfondet, er stadfesta av Noregs Banks revisjon. Den overordna revisjonen av Petroleumsfondet er lagt til Riksrevisjonen, og Riksrevisjonen byggjer sin revisjon på det arbeidet som vert utført av Noregs Bank sin revisjon.

Tabell 6.1: Balansen per 31.12.1999 for Statens Petroleumsfond (Tal i mill. kroner)

Aktiva		Passiva	
Konto i Noregs Bank 1) 2)	222 278	Eigenkapital	220 892
		Mellomrekning med statskassa 3)	1 385
Sum	222 278	Sum	222 278

1) I samsvar med forskrifta for forvaltning av Statens petroleumsfond av 3. oktober 1997 er fondet plassert på ein særskild konto i form av kroneinnskott i Noregs Bank. Noregs Bank skal plassere desse midlane i sitt eige namn i aktiva denominerte i utanlandsk valuta. Denne særskilde porteføljen fordelte seg på desse instrumenta per 31.12.99 (i mill. kroner):

Tabell 6.2:

Bankinnskott/utlån i utlandet	16 829
-------------------------------	--------

³⁾ Noregs Bank opererer i årsrapporten sin med ei meiravkastning på 1,11 prosent. Skilnaden i forhold til Bacon & Woodrow sitt tal på 1,26 prosentpoeng skuldast at Noregs Bank og Bacon & Woodrow legg til grunn ulike metodar i berekninga av forskjellen i avkastning mellom faktisk portefølje og referanseporteføljen. Medan Noregs Bank i sin berekning legg til grunn eit geometrisk avvik $((1+13,85 \text{ pst.}) / (1+12,60 \text{ pst.}) - 1 = 1,11)$, legg Bacon & Woodrow eit aritmetisk avvik til grunn $((13,86 \text{ pst.} - 12,60 \text{ pst.}) = 1,26)$.

Tabell 6.2:

Utanlandske statskassevekslar	611
Utanlandske ihendehavarobligasjonar	125 705
Aksjar i utlandet	93 115
Utlån i utlandet	22 289
Opptente, ikkje forfalne renter	3 128
Opptent dividende inkl. kjeldes katt	88
Terminkontraksreguleringar	-2
Innlån utanlandske bankar[*]	-39 330
Påløpne, ikkje forfalne renter	-
Diverse gjeld[**]	-155
Sum	222 278

* Tryggleik for verdipapir som er lånte bort

** I hovudsak påløpt forvaltningsgodtgjering for Noregs Bank

Renterisikoen for fondet sine plasseringar, målt ved den modifiserte durasjonen, var 5,31 per 31.desember 1999.

2) Per 31.12.99 hadde fondet kjøpskontraktar i futuresmarknaden med ein samla marknadsværdi på 4 717,5 mill. kroner. På same tid hadde fondet ingen futureskontraktar for sal av verdipapir. Ved utgangen av 1999 hadde fondet vidare kontraktar om kjøp av valuta på termin for til saman 40,2 mill. kroner og kontraktar om sal av valuta av same storleik.

3) Statsrekneskapen viser at netto avsetninga til Petroleumsfondet i 1999 vart 1 385 mill. kroner lågare enn det som vart overført til fondet i 1999. Denne differansen utgjer ei fordring for statskassa som vert innløyst etter utløpet av budsjetterminen, i form av eit frådrag i den fyrste overføringa til fondet i 2000.

Tabell 6.3: Resultatrekneskap for Statens petroleumsfond (Tal i 1 000 kroner)

Ka p.	Po st	Tekst	1998	1999
		INNTEKTER:		
55 07		Skatt og avgift på utvinning av petroleum:		
	71	Ordinær skatt på formue og inntekt	9 089 104	5 540 017
	72	Særskatt på oljeinntekter	11 001 066	6 151 347
	73	Produksjonsavgift	3 754 909	3 221 858
	74	Arealavgift m.v.	526 548	561 284
		Sum kap 5507	24 371 626	15 474 505
55 08		Avgift på utslepp av CO ₂ i petroleumsverksemda på kontinentalsokkelen:		
	70	Avgift	3 228 946	3 261 474
54 40		Statens direkte økonomiske engasjement i petroleumsverksemda:		
	24	Driftsresultat*	18 993 860	32 451 859
	30	Avskrivningar	14 443 221	15 343 330

Tabell 6.3: Resultatrekneskap for Statens petroleumsfond (Tal i 1 000 kroner)

Ka p.	Post	Tekst	1998	1999
	50	Overføring frå Statens petroleumsforsikringsfond	182 298	517 086
	80	Renter	8 535 851	8 419 943
	85	Renter på mellomrekneskapen	-46 554	-19 798
		Sum kap. 5440	42 108 675	56 712 419
55 42		Disponering av innretningar på kontinentalsokkelen:		
	80	Tilbakeføring av tilskot	0	5 316
56 85		Aksjer i Den norske stats oljeselskap a.s.:		
	80	Utbyte STATOIL	2 940 000	135 000
24 40		Statens direkte økonomiske engasjement i petroleumsvirksomhet:		
	22	Fjerningsutgifter	0	-20 001
	30	Investeringar	-27 250 755	-30 336 998
	50	Overføring til Statens petroleumsforsikringsfond	-285 984	-586 000
24 42		Disponering av innretningar på norsk kontinentalsokkel:		
	21	Spesielle driftsutgifter	-1 767	-3 494
	70	Tilskot	-69 888	-15 374
		Netto kontantstrøm frå petroleumsvirksomhet:		
		Overført til Statens petroleumsfond frå statsbudsjettet	45 040 854	44 626 847
		Renteinntekter og utbyte m.v. 4)	6 182 527	7 296 118
		Sum inntekter Statens petroleumsfond	51 223 381	51 922 965
		UTGIFTER:		
		Overført frå Statens petroleumsfond til statsbudsjettet	-17 059 000	18 494 000
		Overskot i Statens petroleumsfond	34 164 381	33 428 965

* Netto overskotsavtaler vert ført under kapitlet for driftsinntekter og -utgifter for Statens direkte økonomiske engasjement (kap. 5440, post 24). I 1999 utgjorde netto overskotsavtaler følgjande (i tusen kroner):

- inntekter 9 867
- utgifter 24
- netto 9 843

4) Dette talet utgjør i 1999 summen av desse postane (tusen kroner):

Tabell 6.4:

Renteinntekter	6 319 779
Utbyte	1 150 698
Kurtasje	12 789

Tabell 6.4:

Forvaltningsgodtgjering	161 570
Sum	7 296 118

Tabell 6.5:

Ka p.	Po st	Tekst	1998	1999
		MEMO:		
		Overskot	34 164 381	33 428 965
		Valutakursvinst	13 149 314	2 630 182
		Urealiserte verdipapirvinstar	-60 969	17 336 929
		Realiserte verdipapirvinstar	857 559	2 476 599
		Resultat terminhandel valuta	-4 158	- 4 912
		Vinst på futures-kontraktar	1 369 864	398 999
		Overskot inkl. omvurderingar	49 475 991	56 266 762
		Inngående saldo	115 149 630	164 625 621
		Saldo i Statens petroleumsfond per 31.12	164 625 621	220 892 383

Finansdepartementet

tilrår:

Tilråding frå Finansdepartementet av 28. april 2000 om statsrekneskapen medrekna folketrygda for 1999 blir send Stortinget.

Vedlegg 1

Oversikter over statsrekneskapen 1999

Tabell 1.1: Løyvingsrekneskapen for budsjett-terminen 1999 (tal i mill. kroner)

UTGIFTER	Overført frå forrige ter min	Nysal- dert bud- sjett	Samla løy- ving	Rekne- skap	Overført til nesteter min
INNTEKTER		Nysal- dert bud- sjett		Rekne- skap	
Det kongelege hus og Slottsforvaltninga	22	73	95	80	16
Regjeringa	4	111	115	118	1
Stortinget og underliggjande institusjoner	32	797	829	806	19
Høgsterett	0	44	44	45	0
Utanriksdepartementet	366	12 654	13 020	12 723	460
Kyrkje-, utdannings- og forskningsdepartementet	854	26 796	27 650	27 455	760
Kulturdepartementet	84	3 440	3 524	3 518	41
Justisdepartementet	174	10 527	10 701	10 724	224
Kommunal- og regionaldepartementet	894	57 442	58 336	57 110	1 137
Sosial- og helsedepartementet	577	27 835	28 412	27 941	602
Barne- og familiedepartementet	9	20 354	20 363	20 288	2
Nærings- og handelsdepartementet	245	3 858	4 103	3 963	163
Fiskeridepartementet	150	2 015	2 165	2 031	194
Landbruksdepartementet	383	14 562	14 945	14 419	531
Samferdsledepartementet	452	17 831	18 283	17 951	641
Miljøverndepartementet	99	2 604	2 703	2 657	72
Arbeids- og administrasjonsdepartementet	1 243	19 031	20 274	20 503	345
Finans- og tolldepartementet	328	43 999	44 327	44 955	313
Forsvarsdepartementet	351	26 302	26 653	26 138	659
Olje- og energidepartementet	503	5 442	5 945	5 616	351
Ymse utgifter	0	50	50	24	0
Statsbankane	154	61 011	61 165	61 632	124
Statleg petroleumsverksemd	7	30 220	30 227	31 062	3
Statens forretningsdrift	247	3 712	3 959	3 944	290
Folketrygda	156	161 937	162 093	162 289	102
Statens petroleumsfond	0	44 560	44 560	44 627	0
Sum utgifter	7 334	597 205	604 539	602 619	7 050
Skattar på formue og inntekt		88 220		88 667	

Tabell 1.1: Løyvingsrekneskapen for budsjett-terminen 1999 (tal i mill. kroner)

UTGIFTER	Overført frå forrige ter min	Nysal- dert bud- sjett	Samla løy- ving	Rekne- skap	Overført til neste ter min
INNTEKTER		Nysal- dert bud- sjett		Rekne- skap	
Arbeidsgiveravgift og trygdeavgift		114 200		115 603	
Tollinntekter		2 316		2 409	
Meirverdiavgift		113 400		114 076	
Avgifter på alkohol		8 697		8 635	
Avgifter på tobakk		6 700		6 644	
Avgifter på motorvogner		27 930		28 914	
Andre avgifter		14 552		14 760	
Sum skattar og avgifter		376 015		379 709	
Renter av statens forretningsdrift		164		203	
Avskrivningar, avsetningar til investerings- formål og inntekter av statens forretnings- drift i samband med nybygg, anlegg m.v.		4 868		5 166	
Sum inntekter av statens forretningsdrift		5 032		5 370	
Renter frå statsbankane		10 839		10 771	
Renter av kontantbeholdning og andre krav		2 571		3 176	
Utbytte ekskl. Statoil		3 801		3 986	
Renteinntekter og utbytte (ekskl. statens forretningsdrift og Statoil)		17 212		17 933	
Inntekter under departementa		14 933		17 567	
Overføring frå Noregs Bank		3 401		3 401	
Tilbakeføring av middel fra Statens banksi- kringsfond		140		140	
Sum andre inntekter		18 474		21 108	
Inntekter frå statleg petroleumsverksemd		55 435		56 718	
Skatt og avgift på utvinning av petroleum		19 110		18 736	
Aksjeutbytte frå Statoil		135		135	
Sum petroleumsinntekter		74 680		75 589	
Tilbakebetalingar		53 674		54 709	
Statens petroleumsfond		18 494		18 494	
Sum inntekter		563 582		572 911	
Statslånemiddel		33 623		33 683	
Av kontantbeholdning		0		-3 976	
Sum andre kapitalmiddel		33 623		29 707	
Totalsum		597 205		602 619	

Tabell 1.2: Løyvingar og rekneskap 1999 (tal i mill. kroner)

UTGIFTER	Løyving					
	For- slag i Gul bok	Ved- teke bud- sjett	Nysal- dert bud- sjett	Rekne- skap	Auking over- førte løy- vingar	Meirutg. (-) Mindre- utg.
INNTEKTER	Løyving					
	For- slag i Gul bok	Ved- teke bud- sjett	Nysal- dert bud- sjett	Rekne- skap	Meirinn- tekt Min- dre- inntekt (-)	Fullmakt meirinn- tekt
Det kgl. hus, Regjering m.v.	954	953	1 025	1 048	-22	-2
Utanriksdepar tementet	12 074	11 938	12 654	12 723	94	-164
Kyrkje-, utdannings- og fors- kningsdepartementet	23 596	23 285	26 796	27 455	-94	-565
Kulturdepartementet	3 457	3 423	3 440	3 518	-43	-35
Justisdepartementet	9 870	9 970	10 527	10 724	50	-247
Kommunal- og regionaldepar- tementet	57 306	56 168	57 442	57 110	242	89
Sosial- og helsedepartementet	25 389	26 346	27 835	27 941	25	-131
Barne- og familiedepartemen- tet	20 447	20 322	20 354	20 288	-7	73
Nærings- og handelsdepar te- mentet	3 242	3 374	3 858	3 963	-81	-24
Fiskeridepartementet	1 825	1 942	2 015	2 031	44	-60
Landbruksdepartementet	14 325	14 221	14 562	14 419	148	-5
Samferdsledepartementet	16 298	17 216	17 831	17 951	189	-309
Miljøverndepartementet	2 489	2 472	2 604	2 657	-27	-26
Arbeids- og administrasjons- departementet	15 719	15 614	19 031	20 503	-899	-573
Finans- og tolldepartementet	65 032	65 002	43 999	44 955	-15	-941
Forsvarsdepartementet	23 929	24 439	26 302	26 138	308	-145
Olje- og energidepartementet	1 183	1 113	5 442	5 616	-152	-23
Ymse utgifter	6 167	5 271	50	24	0	26
Statsbankane	59 056	61 920	61 011	61 632	-30	-592
Statleg petroleumsverksemd	24 717	25 517	30 220	31 062	-4	-838
Statens forretningsdrift	4 195	4 047	3 712	3 944	43	-275
Folketrygda	158 902	159 235	161 937	162 289	-54	-298
Statens petroleumsfond	57 683	56 142	44 560	44 627	0	-67
Sum utgifter	607 855	609 932	597 205	602 619	-284	-5 131

Tabell 1.2: Løyvingar og rekneskap 1999 (tal i mill. kroner)

UTGIFTER	For- slag i Gul bok	Løyving					Meirutg. (-) Mindre- utg.
		Ved- teke bud- sjett	Nysal- dert bud- sjett	Rekne- skap	Auking over- førte løy- vingar		
INNTEKTER	For- slag i Gul bok	Løyving					Fullmakt meirinn- tekt
		Ved- teke bud- sjett	Nysal- dert bud- sjett	Rekne- skap	Meirinn- tekt Min- dre- inntekt (-)		
Skattar på formue og inntekt	87 950	87 073	88 220	88 667	447		
Arbeidsgiveravgift og trygde- avgift	112 600	112 530	114 200	115 603	1 403		
Tollinntekter	2 206	2 206	2 316	2 409	93		
Meirverdiavgift	115 200	115 200	113 400	114 076	676		
Avgifter på alkohol	8 830	8 764	8 697	8 635	-62		
Avgifter på tobakk	7 815	7 285	6 700	6 644	-56		
Avgifter på motorvogner	29 556	29 375	27 930	28 914	984		
Andre avgifter	16 801	15 216	14 552	14 760	208		
Sum skattar og avgifter	380 958	377 649	376 015	379 709	3 695		
Renter av statens forretnings- drift	164	164	164	203	39		
Avskrivningar, avsetningar til investeringsformål og inntek- ter av statens forretningsdrift i samband med nybygg, anlegg m.v.	4 504	4 625	4 868	5 166	298		
Sum inntekter av statens for- retningsdrift	4 668	4 789	5 032	5 370	338		
Renter frå statsbankane	10 981	10 981	10 839	10 771	-68		
Renter av kontantbeholdning og andre krav	6 755	6 772	2 571	3 176	605		
Utbytte ekskl. Statoil	3 069	3 641	3 801	3 986	184		
